

# Årsrapport 2022



# Innhold

Kommunedirektøren si innleiing.....	5
Framlegg til vedtak.....	6
Forklaringar.....	6
Planhierarki.....	7
1 Utviklingstrekk.....	8
1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	8
1.2 Pandemien i Time kommune.....	8
1.3 Krigen i Ukraina og flyktningar.....	8
1.4 Folketalsutvikling.....	9
1.5 Næringsutvikling.....	10
2 Økonomiske hovudtal.....	13
2.1 Driftsrekneskapen.....	13
2.2 Finansforvaltning.....	17
2.3 Balanse per 31.12.2022.....	18
2.4 Økonomiske nøkkeltal.....	21
3 Folkehelse.....	23
4 Tenester.....	27
4.1 Hovudtal per tenestemråde.....	27
4.2 Oppvekst.....	27
4.2.1 Økonomi.....	27
4.2.2 Rapportering om tiltak 2022.....	28
4.2.3 Arbeid knytt til ekstraordinær flyktningssituasjon.....	31
4.2.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst.....	32
4.2.5 Utfordringar framover.....	44
4.3 Helse og velferd.....	46
4.3.1 Økonomi.....	46
4.3.2 Rapportering om tiltak 2022.....	47
4.3.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Helse og velferd.....	47
4.3.5 Utfordringar framover.....	54
4.4 Samfunn.....	55
4.4.1 Økonomi.....	55

4.4.2	Rapportering om tiltak 2022 .....	56
4.4.3	Handtering av pandemien.....	59
4.4.4	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn .....	59
4.4.5	Utfordringar framover .....	67
4.5	Stabstenester.....	69
4.5.1	Økonomi.....	69
4.5.2	Rapportering om tiltak 2022 .....	69
4.5.3	Vurdering og oppsummering av driftsåret for stabstenester .....	70
4.5.5	Utfordringar framover .....	72
5	Kommunen som arbeidsgjevar.....	73
5.1	Rapportering om tiltak 2022 .....	73
5.2	Vurdering og oppsummering av driftsåret .....	73
5.3	Utfordringar framover .....	78
6	Investeringar.....	79
6.1	Administrasjon og fellesprosjekt.....	81
6.2	Skular og barnehagar.....	81
6.3	Helse og velferd .....	82
6.4	Kulturbygg og kulturanlegg .....	83
6.5	Idrett og friluftsliv .....	83
6.6	Veg og parkanlegg .....	83
6.7	Vatn, avløp og renovasjon.....	84
6.8	Tomtesal.....	86
6.9	Energi og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2022 .....	87
7	Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar .....	90
8	Status politiske vedtak og planstrategi.....	95
8.1	Restanseliste politiske vedtak.....	95
8.2	Status Planstrategi 2020-2023.....	99
9	Nøkkeltal .....	100
9.1	Oppvekst.....	100
9.2	Helse og velferd .....	106
9.3	Samfunn .....	110
9.4	Administrasjon .....	118

## VISJONEN VÅR

# TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

## VERDIANE VÅRE

### Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla  
Me ser og forstår heilskapen  
Me er opne og direkte i samhandlinga

### Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive  
Det me vil, det søker me å få til  
Me er i utvikling

### Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko  
Alle skal ha reell medverknad på eigen  
arbeidssituasjon  
Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar

## LEVEREGELEN VÅR

### Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gi og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

*«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»*

Arne Garborg

# Kommunedirektøren si innleiing

Første halvdel av 2022 var prega av etterdønningane av pandemien og før desse var i hamn så kom krigen i Ukraina med stor flyktningstraum. I løpet av året tok Time imot 140 flyktningar – langt fleire enn tidlegare år. Kommunen har nok ein gong vist seg omstillingsdyktig når det kjem store endringar i rammevilkåra. Organisasjonen vart oppbemanna for å ta mot flyktningane – spesielt i flyktningtenesta og på Bryne kompetansesenter.

Økonomisk har 2022 vore eit godt år med netto driftsresultat på 74,5 millionar kroner og 4,2 prosent av driftsinntektene. Overskotet på 34,8 millionar kroner er avsett til disposisjonsfond som ved utgangen av året utgjør 12,9 prosent av driftsinntektene. I 2022 har driftsinntektene auka med 10,2 % medan utgiftene har auka med 12,2 %. Skatteveksten var på 11,4 % mot budsjettet 6,9 % altså 50 millionar høgare enn justert budsjettet. Rentene har stige gradvis ut over i året slik at renteutgiftene vart høgare enn budsjettet, men renteinntektene har auka meir. Rentesikringane held også rentekostnaden nede.

Det har i 2022 vore eit høgt press på tenesteleveransar. I Helse og velferd er talet på brukarar av heimesjukepleie auka med 37 % og kommunen har hatt vanskar med å skaffa legar til fastlegeordninga. Når det gjeld kinoen, så har besøkstala vore for låge slik at me har inntektssvikt. Straumkostnadane er netto 4,5 millionar høgare enn budsjettet medrekna straumsikring og sal av frikraft. Samla meirforbruk i tenestene er på 34,5 millionar kroner og der 12 millionar kroner gjeld undervising. Kommunedirektøren er uroa for at delar av dette meirforbruket fortset inn i 2023.

Sjukefråværet var på 8,6 %, noko som var auke på 1,4 prosentpoeng frå 2021 då talet var 7,2 %. Sjukefråværet var høgast i 1. kvartal då koronafråværet var høgt.

Folketalet auka med 2,2 prosent i 2022, noko som er eit prosentpoeng høgare enn veksten på landsbasis. Fødselstala var 211 og ein nedgang på 29 frå 2021 og tilbake på 2020-nivå. Kommunen har både fødsels- og flytteoverskot i 2022.

Kommunedirektøren ønsker å trekka fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarane i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2022. Året har vore utfordrande og organisasjonen har drege i lag for å koma i mål. Stadig endra forventningar frå styresmaktene om handtering av pandemien og mottak av flyktningar, stiller store krav til omstillingsdyktige tilsette. Organisasjonen Time kommune, med alle sine tilsette og ved hjelp av frivillige, har takla utfordringane på ein sær god måte.



**Trygve Apeland**  
kommunedirektør

# Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2022 vert godkjent. Mindreforbruket på 34,8 millionar kroner blir avsett til disposisjonsfond.
2. Investeringsrekneskapen for 2022 vert godkjent. Mindreforbruket på 4,8 millionar kroner er saldert mot låneopptak.
3. Årsrapporten for 2022 vert godkjent.
4. Utfordringar som årsrapporten peikar på vert vurderte i arbeidet med ny økonomiplan.


## Forklaringar

KOSTRA-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2022. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Hå, Klepp, Sandnes og kommunegruppe 7. Me tek atterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2023.

Rekneskap for 2022 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2022». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringsrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

Årsrapporten skal gjera tydeleg greie for i kva grad tiltaka i økonomiplanen er utførte. Alle tiltak frå økonomiplanen har fargekodar som viser om tiltaket er utført (grønt/U), delvis utført (gult/D), eller ikkje utført (raudt/I). Delvis utførte tiltak og ikkje utførte tiltak vert kommenterte. Utførte tiltak vert i hovudsak ikkje kommenterte.

# Planhierarki



# 1 Utviklingstrekk

## 1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Pandemien prega i to år norsk og internasjonal økonomi. Før etterverknadane har lagt seg er det vorte krig i Europa. Noko som har ført til knappheit på energi, andre råvarer og nokre matvarer og dermed har prisane auka betydeleg.

Det er eit mål for sentralbanken i dei ulike landa å halda ei låg prisstiging. Verktøyet som vert nytta er å heva styringsrenta.

Det betyr at folk har fått mindre å pengar til disposisjon. Mot slutten av 2022 viste dette på endra forbruksmønster. Endringane får betydning for kva for nokre bedrifter som klarer seg bra under nye rammevilkår. Den første bransjen slike endringar slår ut i er byggebransjen. Her er aktivitetsnivået på veg ned – både internasjonalt og nasjonalt. Vår region er ikkje særskilt påverka då aktiviteten i oljenæringa er høg og dermed er ei motvekt mot nedgang på andre område.

Aktiviteten i 2022 har vore høgare enn forventa. Gjennom heile 2022 har det vore full sysselsetting. Alle bransjar har problem med å skaffa folk.

Utsiktene for 2023 er at inflasjonen vil dempa seg noko og at rentenivået vil nå toppen. Aktivitetsnivået vil gå noko ned, men framleis vil det vera høg sysselsetting. Den store usikkerheita er korleis det går med krigen i Ukraina og korleis dette vil påverka resten av Europa.

## 1.2 Pandemien i Time kommune

Handtering av pandemien har prega perioden januar til april 2022. Samarbeidet med nabokommunane Gjesdal, Hå og Klepp har vore viktig. I møta har me drøfta utfordringar og kome fram til felles tiltak og tilrådingar slik at det skal vera enkelt for innbyggjarar og tilsette å vita kva ein skal halda seg til. Jærkommunane har i heile pandemien vore opptekne av å halda seg til dei nasjonale tilrådingane, og dette har vore ein viktig del av kommunikasjonsbodskaen ut til innbyggjarane.

Pandemien førte til sær høgt sjukefråvær i 1. kvartal 2022.

Det har vore gjennomført vaksinerings også i 2022, men i langt mindre grad enn i 2021.

## 1.3 Krigen i Ukraina og flyktingar

Krigen i Ukraina har påverka oss med høge energiprisar og store mottak av flyktingar. Time kommunen har hatt sikringsavtale på straumkostnadane slik at kostnadsauken ikkje har slått rett inn i drifta. Kommunen har også noko kraft som vart selt til marknadsprisar. Trass i dette fekk kommunen ein netto meirkostnad på 4,5 millionar kroner på straum.

Ein konsekvens av krigen var at Time fekk førespurnaden om å ta i mot 165 flyktingar i 2022. Alle desse skulle skaffast bustad, sosialhjelp, helsetilbod, barnehage, skule og



vaksenopplæring. Mange har vore involverte for å rigga dette best mogleg. Dei tilsette har synt evne til omstilling og vore løysingsorienterte.


## 1.4 Folketalsutvikling

### Folketal, fødsjar, døde, inn- og utflytting 2019-2022

	2019	2020	2021	2022
Folketal per 1.1	18 795	18 916	19 106	19 353
Fødde	208	210	240	211
Døde	104	105	89	122
Fødselsoverskot	104	105	151	89
Innflyttarar	947	1 021	1 206	1 302
Utflyttarar	930	933	1 118	963
Flytteoverskot	17	88	88	339
<b>Samla tilvekst</b>	<b>121</b>	<b>190</b>	<b>247</b>	<b>428</b>
<b>Folketal 31.12</b>	<b>18916</b>	<b>19106</b>	<b>19353</b>	<b>19781</b>
Fødselsoverskot i %	0,55	0,56	0,79	0,46
Flytteoverskot i %	0,09	0,47	0,46	1,75
Folkevekst i %	0,64	1,00	1,29	2,21

Kjelde: SSB

Folkeveksten i 2022 var på 2,21 % og det høgaste me har hatt dei siste fire åra. Veksten kom mest frå flytteoverskot.



Folkeveksten har gradvis teke seg opp frå 2017 med 0,23 % til 2022 med ein vekst på 2,21 %. Kommunen har dei siste fire åra hatt netto innflytting. Denne er spesielt høg i 2022 og noko må tilskrivast mottak av flyktingar. Folkeveksten i landet i 2022 var på 1,2 % eller 63 714 personar.

## Folketal 2019-2022 per aldersgruppe

	2019	2020	2021	2022	Endring 19-22
0-2	699	679	682	706	1,0 %
3-5	787	763	766	752	-4,4 %
6-12	2 000	2 013	1 988	1 997	-0,2 %
13-15	719	761	811	870	21,0 %
<b>Sum 0-15</b>	<b>4 205</b>	<b>4 216</b>	<b>4 247</b>	<b>4 325</b>	<b>2,9 %</b>
16-19	971	960	969	977	0,6 %
20-66	11 411	11 487	11 575	11 804	3,4 %
<b>Sum 16-66</b>	<b>12 382</b>	<b>12 447</b>	<b>12 544</b>	<b>12 781</b>	<b>3,2 %</b>
67-79	1 668	1 759	1 853	1 943	16,5 %
80-89	556	576	585	600	7,9 %
90+	105	108	124	132	25,7 %
<b>Sum 67+</b>	<b>2 329</b>	<b>2 443</b>	<b>2 562</b>	<b>2 675</b>	<b>14,9 %</b>
<b>Sum</b>	<b>18916</b>	<b>19106</b>	<b>19353</b>	<b>19781</b>	<b>4,6 %</b>

Kjelde: SSB

Fødselstala for 2022 var lågare enn i fjor, men på same nivå som 2019 og 2020, noko som er lågt samanlikna med tidlegare år. Om fødselstala er låge så er netto innflytting stor. I barnehagealder 0-5 år er det i 2022 flytta inn netto 64 barn og i skulealder er det i 2022 netto innflytting på 49 barn. Med den store netto innflyttinga av barn er det ikkje lenger netto nedgang i barnehage- og skulealder.

Aldersgruppa 67-79 år aukar i denne fireårsperioden med 16,5 %. Aldersgruppa 80-89 år aukar også med 7,9 %, medan aldersgruppa over 90 år aukar med heile 25,7 %. Samla folketal auka i perioden med 4,6 %.

## 1.5 Næringsutvikling

### Bedrifter etter antal tilsette i Time per 31. desember

	2018	2019	2020	2021	2022
Ingen tilsette	1 217	1 252	1 340	1 403	1 445
1-4 tilsette	343	325	326	322	328
5-19 tilsette	247	252	243	252	263
20-49 tilsette	66	67	74	74	67
50-99 tilsette	18	17	16	21	26
100 tilsette og meir	8	8	9	10	8
<b>Sum</b>	<b>1 899</b>	<b>1 921</b>	<b>2 008</b>	<b>2 082</b>	<b>2 137</b>



Kjelde: SSB

## Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. desember

	2018	2019	2020	2021	2022
Arbeidsplassar	7 714	7 560	7 684	8 055	8 257
Innpendling	3 976	3 909	4 076	4 389	4 459
Utpendingling	6 167	6 305	6 391	6 637	6 697
Arbeidsledige i prosent, årsgjennomsnitt	2,2	1,8	4,0	4,0	1,3
Konkursar	13	18	4	9	11
<b>Nyetablerte føretak</b>	<b>156</b>	<b>195</b>	<b>232</b>	<b>217</b>	<b>..</b>

Kjelde: SSB (Talet for 2021 er ikkje rapportert)

Talet på arbeidsplassar har auka med 202 eller 2,5 % frå 2021 til 2022.



Både Time og Rogaland fekk høg arbeidsløyse etter oljenedturen i 2014. Denne nådde toppen i 2016 og falt gradvis fram til pandemien råka landet i 2020. Oljenedturen ramma Rogaland meir enn landet som nesten ikkje hadde auke i arbeidsløysa etter 2014.

Medan oljenedturen råka Rogaland meir enn landet elles, har pandemien råka heile landet med markant auke i arbeidsløysa. Me ser likevel at Time kommune har kome noko betre ut enn gjennomsnittet. Arbeidsløysa i landet og kommunen er redusert også i 2022.

Arbeidsløysa i Time var ved utgangen av 2022 på 1,1 % for Time og 1,6 % for landet. Tilsvarende tal for 2021 var 1,7 % i Time og 2,5 % i landet. Tendensen i starten av 2023 er igjen stigande arbeidsløyse.

## 2 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2022 (i heile tusen) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2022» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gir utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i kapittel 2 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, medan investeringane vert omtala under kapittel 6.

### 2.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt drift § 5-6	Note	Rekneskap 2022	Budsjett 2022 m/endingar	Budsjett 2022 u/endingar	Rekneskap 2021
<b>Driftsinntekter</b>					
1 Rammetilskot		493 764	488 587	515 350	494 125
2 Inntekts- og formuesskatt		769 406	719 626	657 800	690 437
3 Eigedomsskatt		2 392	2 300	2 300	968
4 Andre skatteinntekter		0	0	0	0
5 Andre overføringar og tilskot frå staten		43 203	29 304	18 200	20 024
6 Overføringar og tilskot frå andre		268 594	224 624	119 213	219 721
7 Brukarbetalingar		57 664	54 703	56 973	57 513
8 Sals- og leigeinntekter		144 420	141 060	139 994	131 916
<b>9 Sum driftsinntekter</b>		<b>1 779 444</b>	<b>1 660 204</b>	<b>1 509 830</b>	<b>1 614 704</b>
<b>Driftsutgifter</b>					
10 Lønnsutgifter		896 243	877 284	804 067	811 326
11 Sosiale utgifter		214 790	212 013	216 817	190 324
12 Kjøp av varer og tenester		479 246	422 436	398 240	415 141
13 Overføringar og tilskot til andre		77 564	70 247	24 910	64 592
14 Avskrivningar	4	94 430	9 280	9 280	89 938
<b>15 Sum driftsutgifter</b>		<b>1 762 274</b>	<b>1 591 260</b>	<b>1 453 314</b>	<b>1 571 320</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>		<b>17 170</b>	<b>68 944</b>	<b>56 516</b>	<b>43 384</b>
<b>Finansinntekter</b>					
17 Renteinntekter		17 157	10 815	9 175	9 385
18 Utbytte	7	38 942	37 900	37 900	37 441
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	7	-1 680	0	0	4 776
20 Renteutgifter	9	31 649	27 175	27 175	18 086
21 Avdrag på lån		59 902	60 600	60 600	58 294
<b>22 Netto finansutgifter</b>		<b>-37 131</b>	<b>-39 060</b>	<b>-40 700</b>	<b>-24 778</b>
23 Motpost avskrivningar		94 430	9 280	9 280	89 938
<b>24 Netto driftsresultat</b>		<b>74 469</b>	<b>39 164</b>	<b>25 096</b>	<b>108 544</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>					
25 Overføring til investering		27 494	27 494	25 446	19 234
26 Avsetning til bundne driftsfond		16 870	2 000	-1 500	22 775
27 Bruk av bundne driftsfond		-21 259	-1 600	1 590	-14 556
28 Avsetning til disposisjonfond		83 821	45 000	0	99 453
29 Bruk av disposisjonsfond		-32 457	-33 730	1 500	-18 361
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		74 469	39 164	27 036	108 544
<b>32 Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kommunen gjekk med eit netto driftsresultat på 74,5 millionar kroner i 2022. Netto udisponert overskot er på 34,8 millionar kroner (inkludert i post 28). I 2021 hadde kommunen

eit netto driftsresultat på 108,5 millionar kroner og eit udisponert overskot på 77,8 millionar kroner. Begge dei siste åra har kommunen hatt gode resultat.

Det som har påverka eit godt resultat i 2022 er gode skatteinntekter, statstilskot til mottak av flyktningar og eit netto inntektsført premieavvik i pensjon.

Det som i 2022 har trekt i negativt retning er eit meirforbruk i tenesteproduksjonen på 34,4 millionar kroner. Meirforbruk 2021 var på 18 millionar kroner.

Fordelt per tenesteområde	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R)
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	2022	2022	2022	2021	2022
<b>Oppvekst</b>	578 751	567 466	543 712	521 576	-11 285
<b>Helse og velferd</b>	377 346	368 669	347 645	341 528	-8 677
<b>Samfunn</b>	218 260	204 962	188 451	196 028	-13 298
<b>Stabstenester</b>	75 636	74 524	72 265	69 209	-1 112
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 249 993</b>	<b>1 215 621</b>	<b>1 152 073</b>	<b>1 128 341</b>	<b>-34 372</b>

Driftsmidlane er fordelte mellom tenesteområda som vist i tabellen over. I 2022 viser tenesteproduksjonen eit meirforbruk (etter tilleggsføring) på 34,4 millionar kroner. Generelt er eit særskilt sjukefråvær og kostnadsvekst gjennom året medverkande årsak. Meirbruket i Oppvekst gjeld meir spesifikt undervisning og barnevern, for Helse og velferd er det auka behov for tenester og rekrutteringsvanskar, og for Samfunn er det rekrutteringsproblem i legetenesta, auka straumkostnad, auka kostnadar sosialtenesta (Klepp) og vegvedlikehald.

Det er også område som har betydeleg meirinntekt som vaksenopplæring, koronavaksinering og byggesak og område med mindreforbruk er flyktningtenesta. Kinoen har hatt lågare besøk enn i eit normalår og har dermed svikt i inntektene.

Nærare omtale av dei enkelte tenesteområda kjem i kapittel 4.

## Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 164,7 millionar kroner det vil seia 10,2 % frå 2021 til 2022.

Veksten i 2020 var på 11 %.

Skatteinntektene auka med 11,4 % og ein vekst per innbyggjar på 9,5 %. Time kommune hadde lågare skattevekst enn landet som hadde 12,7 %. Dette må sjåast i samanheng med at Time kommune hadde ein skattevekst i 2021 som låg godt over landsveksten. Skatteinntekter per innbyggjar som prosent av landsgjennomsnittet vart redusert frå 99,4 % i 2021 til 97,7 % i 2022.

Skatteinntekter	Time	Landet	Time	Landet
	2022		2021	
Skattevekst	11,4 %	12,7 %	22,6 %	16,0 %
Skattevekst per innbyggjar	9,5 %	12,0 %	21,3 %	15,5 %
Skatteinntekter per innbyggjar	97,7 %	100,0 %	99,4 %	100,0 %

Kommunen hadde god vekst i skatteinntektene i 2021 og likevel er skatteinntektene i 2022 auka med 79 millionar kroner. Den største auken i 2022 skriv seg frå skatteoppgjeret for 2021 som gav oss meirinntekter samanlikna med 2021 på 31,5 millionar kroner jf. tabellen. Dette målt mot eit skatteoppgjere for 2020 som var 41,8 over 2019-oppgjeret. Skatteoppgjeret for 2019 var på eit «normal» nivå det vil seia om lag som tidlegare år, sjå utviklinga i tabellen.

Skatteoppgjer (Time kommune sin del)	2019	2020	2021
Marginoppgjer (november kvart år)	5,0	11,8	26,4
Restskatt	20,6	40,9	42,1
Endring fordelingsprosent (november kvart år)	4,1	18,8	34,5
<b>Sum skatteoppgjer</b>	<b>29,7</b>	<b>71,5</b>	<b>103,0</b>

Kommunen fekk i desember kompensert 24,6 millionar kroner for utgifter under pandemien. I løpet av året vart 27,3 millionar kroner tildelt tenesteområda til dekning av ekstrakostnader ved pandemien. Dette gjeld vaksinering, luftvegslegevakt, kompensasjon for auka bruk av vikarar, ekstrahjelp og overtid. Totalt ser pandemirekneskapen for 2021 og 2022 slik ut:

Pandemierekneskap (i 1000 kr)	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Statstilskot generell korona-kompensasjon	21 374	25 230
Statstilskot vaksinering	3 257	6 143
Statstilskot kompensasjon næringsliv		8 886
<b>Sum kompensasjon</b>	<b>24 631</b>	<b>40 259</b>
Tildelt tenestene	-27 332	-26 824
Vidareformidla næringsliv		-8 886
<b>Rest ikkje fordelt</b>	<b>-2 701</b>	<b>4 549</b>

Flyktnings situasjonen i 2022 har gitt oss auka statstilskot til integrering og opplæring med 25,2 millionar kroner og tenestene har fått tilleggslyvdy 11,5 millionar kroner.

Flyktning mottak (i 1000 kr)	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Statstilskot flyktningar	41 026	17 743
Statstilskot vaksenopplæring	5 495	3 550
<b>Sum kompensasjon</b>	<b>46 521</b>	<b>21 293</b>
Ekstra tildeling tenestene	-11 104	
Ekstra tildeling vaksenopplæring (netto)*	-440	
<b>Rest ikkje fordelt</b>	<b>35 417</b>	<b>21 293</b>

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld «overføringar og tilskot frå andre», kjem frå 29,3 millionar kroner i auka statstilskot og 8,4 millionar kroner i auka refusjonar frå andre kommunar.

### Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 12,2 % mot ein auke på 5,9 % i fjor. Veksten er reelt høgare då bruk av pensjonsfond og netto inntektsført premieavvik pensjon går til reduksjon i utgiftene.


Veksten er høgare enn prisveksten i kommunesektoren som var på 5,8 % i 2022. Pandemien har påverka både kostnads- og inntektsnivået i kommunen dei tre siste åra og krigen i Ukraina har påverka 2022-tala jf. tabellane under driftsinntekter.

I 2022 gav premieavviket ei netto mindreutgift på 26,9 millionar kroner medan verknaden i 2021 var ei netto mindreutgift på 5,7 millionar kroner. Pensjonspremien til KLP aukar når lønnsoppgjera vert høgare. Pensjonspremien kan delvis dekkast av premiefond. I 2021 brukte kommunen 45,5 millionar kroner av fondet og i 2022 vart det brukt 20 millionar kroner. Ved årsskiftet er det 92 millionar kroner på premiefond.

Meirforbruket på lønn og sosial utgifter kjem frå større bruk av overtid og ekstrahjelp.

### Netto driftsrekneskap

Netto driftsresultat er på 74,5 millionar kroner i 2022 mot budsjettert 39,2 millionar kroner. Netto driftsresultat for 2021 var på 108,5 millionar kroner.



Netto driftsresultat for 2022 utgjør 4,2 % av brutto driftsinntekter og tilsvarende tal for 2021 var på 6,7 %. Dette er likevel under nabokommunane Klepp og Hå, men over KOSTRA-gruppe 7 og landsgjennomsnittet. Sandnes har betalt ekstraordinære avdrag og redusert netto driftsresultat.

Netto driftsresultat er påverka av nettoføring på pensjonsavvik som er omtala ovanfor og netto bruk av bundne fond. Det reelle resultatet for 2022 korrigert for endring i premieavvik og netto bruk av bundne fond, er vist i tabellen nedanfor. Korrigert for premieavvik og bundne fond er resultatet på 52 millionar kroner eller 2,9 % av brutto driftsinntekter.

Tilsvarende tal for 2021 var 94,6 millionar kroner og 5,9 %.

	2021	2022
Netto driftsresultat	108 544	74 469
Premieavvik pensjon	-5 704	-26 858
Netto bruk av bundne fond	-8 219	4 389
<b>Sum korrigert netto driftsresultat</b>	<b>94 621</b>	<b>52 000</b>
Korrigert netto driftsresultat	5,9 %	2,9 %
Kommunal målsetting	1,5 %	1,5 %

Time kommune fører premieavvik i pensjon på eitt år i motsetnad til dei fleste andre kommunar som over tid har nytta maksimal tillate tid på 15/10/7 år. Ulik praksis ved føring av premieavvik har gitt Time kommune ein utgiftsført meirkostnad på 48 millionar kroner for desse åra. Kommunen kunne alternativt hatt dette som høgare gjeld og høgare disposisjonsfond.

### **Finansinntekter/-kostnader**

Rentenivået har gjennom 2022 vore stigande. Renteutgiftene har auka med 4,5 millionar kroner. Når rentenivået stig er det etterslep før bankane kan sette opp renta. Renteauken vil derfor først få full effekt i 2023.

Renteinntektene er auka med 6,2 millionar kroner som følgje av auka rente og god likviditet. Det er i 2022 bokført eit urealisert tap på aksjar på 1,9 millionar kroner. Finansplasseringane hadde i 2022 ei negativ avkastning på 3,5 %.



## Årsoppgjersdisposisjonar

Overføringa frå drift er i samsvar med budsjett og utgjer 2,2 % av sum skatt og rammetilskot. Dette er over målet som er 2 %.

I 2022, som i dei tre føregåande åra, er det ikkje sett av midlar til overskotsfond for tenestene og det er heller ikkje finansiert meirforbruk ved å framføra dette til dekning i 2023.

Grunngjevinga for dette er at alle kommunalområda går med meirforbruk.

Udisponert mindreforbruk på 34,8 millionar kroner er avsett til disposisjonsfond i samsvar med forskrifter for kommunal økonomiforvaltning.

Premieavviket i pensjon for 2022 var på 44 millionar kroner. I samsvar med budsjettvedtaket skal heile denne summen settast av til disposisjonsfond for å dekkja tilsvarende utgiftsføring i 2023. Premieavviket for 2021 på 17,2 millionar kroner er utgiftsført i 2022 og dekkja av disposisjonsfond.

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon hadde meirforbruk på 7,4 millionar kroner. Av dette er 5,4 millionar kroner dekkja av sjølvkostfond eller framført som underskot til seinare dekning. Det som først og fremst påverka kostnaden på denne sektoren er auka rentekostnader og auka straumkostnader.

## 2.2 Finansforvaltning

Aksjemarknaden i 2022 har vore prega av uro. Først var det krigen i Ukraina og deretter var det den annonserte endringa i grunnrenteskatt på havbruksnæringa. Hovudindeksen er ned med -1 %. For kommunen sine investeringar har avkastninga vore på -3,5 %. Indeksen for sjømat er ned -18,2 % og indeksen for eigenkapitalbevis er ned med -6,7 %.

Kommunen investerer i solide selskap registeret på Oslo børs og selskap som normalt betaler utbytte.

Aktivaklasse (i 1000 kr)	Marknads- verdi 31.12.2021	Marknads- verdi 31.12.2022	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finans- reglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond						50 mill. kr
Obligasjonar utstedt av finansinstitusjonar						20 mill. kr
Obligasjonar utstedt av norske selskap						
Aksjefond	11 008	9 865	611	-1 143	-4,8 %	20 mill. kr
Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap	7 594	7 058	423	-536	-1,5 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap						2,5 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>18 602</b>	<b>16 923</b>	<b>1 034</b>	<b>-1 679</b>	<b>-3,5 %</b>	

Finansporteføljen er i 2022 er redusert på grunn av endra marknadsverdiar. Samla tap på finansplasseringane i 2022 er på -0,6 millionar kroner. Urealiserte tap i 2022 på 1,7 millionar kroner. Kostpris for porteføljen per 31.12.21 er på 13,2 millionar kroner og urealiserte gevinstar er ved utgangen av året på 3,7 millionar kroner jamfør note 7.

Kommunen har 1384 millionar kroner i pensjonsmidlar som vert forvalta av KLP.

Avkastninga ut over garantert rente av desse midlane vert avsett til premiefond. Det endelege oppgjeret kjem med kontoutskrifta i mai 2023. Premiefondet er før tilføring av avkastning for 2022 på 92 millionar kroner.

## **2.3 Balanse per 31.12.2022**

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

### **Anleggsmidler**

Verdien av faste eigedommar, utstyr og maskinar har netto auka med 89,7 millionar kroner. Dette gjeld nye investeringar i 2022 minus avskrivningar, nedskrivningar, korrigeringar frå tidlegare år og eventuelle sal.

Pensjonsmidlane auka med 118,1 millionar kroner i 2022.

### **Omløpsmidlar**


Omløpsmidlane er auka med 61,8 millionar kroner. Kortsiktige fordringar er auka med 62,8 millionar kroner og av dette utgjer inntektsført premieavvik 26,9 millionar kroner. Elles så skuldast auken at ei kreditnota til Klepp kommune på 9,1 millionar kroner påverka 2021-tala.

Økonomisk oversikt balanse § 5-8		Rekneskap 31.12.2022	Rekneskap 31.12.2021
<b>EIGENDELAR</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>		<b>4 415 754</b>	<b>4 203 607</b>
<b>I. Varige driftsmidler</b>		<b>2 458 001</b>	<b>2 368 319</b>
1. Faste eiendomar og anlegg	4	2 180 405	2 105 360
2. Utstyr, maskinar og transportmidlar	4	277 597	262 959
<b>II. Finansielle anleggsmidler</b>		<b>466 765</b>	<b>462 416</b>
1. Aksjar og andelar	5	104 433	99 515
2. Obligasjonar		0	0
3. Utlån	6	362 332	362 901
<b>III. Immaterielle eigendelar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>IV. Pensjonsmidlar</b>	<b>11</b>	<b>1 490 988</b>	<b>1 372 872</b>
<b>B. Omløpsmidlar</b>		<b>519 571</b>	<b>458 190</b>
<b>I. Bankinnskott og kontantar</b>		<b>302 784</b>	<b>302 614</b>
<b>II. Finansielle omløpsmidlar</b>		<b>16 922</b>	<b>18 602</b>
1. Aksjar og andelar	7	16 922	18 602
<b>III. Kortsiktige fordringar</b>		<b>199 864</b>	<b>136 975</b>
1. Kundefordringar		35 179	2 482
2. Andre kortsiktige fordringar		120 672	117 337
3. Premieavvik	11	44 013	17 156
<b>Sum eigendelar</b>		<b>4 935 325</b>	<b>4 661 797</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. Eigenkapital</b>		<b>1 537 255</b>	<b>1 476 493</b>
<b>I. Eigenkapital drift</b>		<b>249 693</b>	<b>202 718</b>
1. Disposisjonsfond		228 724	177 360
2. Bundne driftsfond	13	20 969	25 357
<b>II. Eigenkapital investering</b>		<b>2 586</b>	<b>6 599</b>
1. Ubundet investeringsfond		0	0
2. Bundne investeringsfond	13	2 586	6 599
3. Udekket beløp i investeringsrekneskaper		0	0
<b>III. Annan eigenkapital</b>		<b>1 284 976</b>	<b>1 267 176</b>
1. Kapitalkonto	2	1 281 655	1 263 855
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		0	0
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		3 321	3 321
<b>D. Langsiktig gjeld</b>		<b>3 144 917</b>	<b>2 945 004</b>
<b>I. Lån</b>	<b>9</b>	<b>1 636 637</b>	<b>1 572 084</b>
1. Gjeld til kredittinstitusjonar		1 276 637	1 212 084
2. Obligasjonslån		160 000	160 000
3. Sertifikatlån		200 000	200 000
<b>II. Pensjonsforplikting</b>	<b>11</b>	<b>1 508 280</b>	<b>1 372 920</b>
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>		<b>253 152</b>	<b>240 301</b>
<b>I. Kortsiktig gjeld</b>		<b>253 152</b>	<b>240 301</b>
1. Leverandørgjeld		64 250	77 867
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Annan kortsiktig gjeld		188 903	162 434
5. Premieavvik		0	0
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>4 935 325</b>	<b>4 661 797</b>

## Lånegjeld

Lånegjevarar (i 1000 kr)	Restgjeld pr	Restgjeld pr	Gj. Rente
	31.12.2021	31.12.2022	2022
Kommunalbanken	606 122	675 613	2,16 %
KLP banken	302 783	291 567	2,30 %
Sparebanken Sør	7 750	7 750	2,64 %
Husbanken	295 429	301 706	1,24 %
Sertifikatlån 3 mnd	200 000	200 000	1,90 %
Obligasjonslån	160 000	160 000	1,91 %
<i>Rentesikring</i>	<i>400 000</i>	<i>400 000</i>	<i>-0,02 %</i>
<b>Sum lånegjeld</b>	<b>1 572 084</b>	<b>1 636 636</b>	<b>1,97 %</b>

Lånegjelda auka med 64,5 millionar kroner i 2022. Betalte avdrag var på 78,3 millionar kroner. Kommunen har rentesikra 24,4 % av sum lånegjeld ved utgangen av 2022. Av netto renteeksponert gjeld (jamfør note 8 og 9) er 48,9 % rentesikra.



Netto lånegjeld i Time er på 71,6 % noko som er høgare enn Klepp og Hå, men lågare enn Kostra-gruppe 7 og landet.

## Likviditet og arbeidskapital


Differanse mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gir eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er auka med 48,5 millionar kroner i 2022 og er ved utgangen av året på 266,4 millionar kroner sjå note 1. Likviditeten i kommunen er god.

## Fondsmidlar

Disposisjonsfond (i 1000 kr)	Disposisjonsfond - drift	
	2022	2021
Inngående balanse 1.1.	177 360	96 268
Avsettingar	83 961	99 453
Bruk av avsettingar	-32 457	-18 361
<b>Utgående balanse 31.12.</b>	<b>228 864</b>	<b>177 360</b>

Auken i disposisjonsfondet kjem av at årets overskot på 34,8 millionar kroner og netto inntektsført premieavvik på 26,9 millionar kroner er avsett i 2022.

Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsformål. Det er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Kommunen sitt disposisjonsfond er på 12,9 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2022. Korrigert for avsetning til skuldig premieavvik er disposisjonsfondet på 10,4 %. Time kommune har reserver på nivå med landet og Kostra-gruppe 7, men under Klepp og Hå.



### Øyremerka fondsmidlar

Når det gjeld vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing så skal desse gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Meirutgifter på 6,2 millionar kroner i 2022 er saldert mot sjølvkostfond eller der det ikkje er fond, framført til dekning i seinare år. Netto saldo for alle desse sjølvkostfonda er ved utgangen av året samla på 0,1 millionar kroner.

## 2.4 Økonomiske nøkkeltal

Måltal	Rekneskap		Vedtatte
	2021	2022	mål
Netto driftsresultat (korrigert for bundne fond og premieavvik)	5,9 %	2,9 %	1,5 %
Disposisjonsfond inkl årsresultat (korrigert for premieavviksfond)	9,9 %	10,4 %	6,0 %
Netto renteesponert gjeld <sup>1)</sup>	61,0 %	48,8 %	maks 60 %
Netto renteesponert gjeld minus bankinnskott	50,0 %	31,7 %	
Lånefinansiering av investeringane	36,7 %	57,8 %	maks 50 %
Av sum skatt og rammetilskott til investeringar	1,6 %	2,2 %	2,0 %


<sup>1)</sup> Netto renteesponert gjeld er sum lånegjeld minus utlån, lånegjeld vedrørende vass- og avløpsinvesteringar og lån med statlege rentekompensasjonsordningar.

Kommunen har vedtatt måltal for den økonomiske styringa av kommunen. Me viser her i tabellen korleis resultatet for 2021 og 2022 er målt opp mot måltala. Rekneskapsresultatet vert målt opp mot desse og måltala set rammer for framtidig budsjettering i kommunen.

Når det gjeld disposisjonsfondet er målsettinga 6 % av brutto driftsinntekter. Når me korrigerer for premieavviksfond, utgjer disposisjonsfond ved utgangen av fjoråret 10,4 %.

Kommunen har sett mål om at netto renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vera maksimum 60 % og ligg ved utgangen av 2022 på 48,8 %. Store delar av låneopptaket i 2022 gjekk til finansiering av sjølvkostinvesteringar. I tillegg er driftsinntektene auka betydeleg slik at forholdstalet vert lågare.

Lånefinansieringa av investeringane er 2022 på 57,8 % noko som er over målsettinga om maksimalt 50 % lånefinansiering. Lånegjelda er auka med 64,6 millionar kroner i 2022.




Kommunen har hatt eit godt resultat i 2022. Korrigert netto driftsresultat var i 2022 på 2,9 % medan målalet er på 1,5 %. Budsjettert resultat var på 2,4 %.

### 3 Folkehelse

Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak. I folkehelseprofilen har Time fem prioriterte område. Desse er psykisk helse barn og unge (inkludert fråfall i vidaregåande opplæring), inntektsforskjellar, eldreressursen, skuleveggar og aktivitetismangfald. Områda er prioriterte i økonomiplanen for 2022-2025 og markert som «Folkehelse».

#### Psykisk helse barn og unge

Gjennomføring i vidaregåande opplæring viser positiv utvikling. Gjennomføringsgrad etter 5-6 år for elevar frå Time i 2022 er på 89,9 prosent, noko som er betydeleg over snittet i fylket. Det er etablert samarbeid med Bryne og Øksnevad vidaregåande skular, med konkrete mål og tiltak for å auka gjennomføringsgraden. Målet over tid er at gjennomføringa skal stabilisere seg med ein gjennomføringsgrad på 9 av 10.




Kjelde: [www.rogfk.no](http://www.rogfk.no)

Time sitt prosjekt «Laget rundt læraren og eleven» har fått midlar i nasjonalt folkehelseprogram 2019-2023. Fokus i prosjektet er førebygging og tverrfagleg samskaping mellom ulike profesjonsgrupper i skulane. Målet er å finna tiltak knytt til auka fagleg og sosial meistring hos elevane.

Grunna nye reglar for offentleggjering er tal for mobbing i skulen skjulte, og det er derfor ikkje grunnlag for å rapportera på mobbing i 2022. Våren 2023 skal den nye Olweusundersøkinga gjennomførast, undersøkinga som berre målar mobbing. Denne vil gi grunnlag for å rapportera på mobbing i komande år.

## Inntektsskilnader

Barnefattigdom<sup>1</sup> har vore aukande i Time frå 2014 til 2018. Den same auken ser me i nabokommunane og fylket. Time ligg likevel under landsgjennomsnittet og har hatt ein nedgang frå 2018 til 2021, og ligg 0,7 prosentpoeng lågare enn fylket. I 2021 var det 425 barn i hushald med låg inntekt i Time. For 2020 var talet 423. I ei tid prega av unormalt høg inflasjon så er denne aukinga mindre enn forventa.



Kjelde: SSB

Systematisk arbeid for at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring, er eit av dei viktigaste tiltaka for å hindre utanforskap og den beste føresetnaden for vidare arbeid eller utdanning. Eit anna viktig tiltak er NAV Klepp-Time sitt målretta arbeid for å redusera talet på sosialhjelpsmottakarar, spesielt blant unge under 25 år. Dette arbeidet skjer i samarbeid med mellom anna Frisklivssentralen og tiltaket «Friskliv Ung».

Opplevinga av dårleg økonomi er subjektiv. Kommunen har mange tiltak som kan vera med å bidra til å redusera opplevinga/konsekvensen av dårleg økonomi.

### Tiltak for å redusera konsekvensen av barnefattigdom:

- Jærkortet. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV Klepp-Time administrerer og finansierer ordninga. Totalt 150 kort per kommune i 2022, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr, for sosialhjelpsmottakarar med forsørgaransvar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som mottek sosialhjelp.
- Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage.
- Redusert foreldrebetaling for låginntekstfamiliar for barn på 1.-4. trinn i SFO.


<sup>1</sup> Definisjon på barnefattigdom etter EU-skala: personar under 18 år i privathushald med årleg inntekt etter skatt per forbrukseining under 60 % av medianinntekt.



- Samarbeid med Bryne Røde Kors for å bidra til at barn i låginntektsfamiliar kan delta i kulturskulen.
- Frilager - utstyrssentral for idretts- og friluftsutstyr. Det er leigd utstyr for om lag 122 000 kroner.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen lånte ut 24,3 millionar kroner til startlån og utbetalte 930 000 kroner i etableringstilskot i 2022 for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Alle elevar i grunnskulen får eigen iPad.
- Bistand til søknad om statleg bustønad til innbyggjarar med låg inntekt.

I 2022 vart det gradvis innført at barnetrygda ikkje skal telja med som inntekt når sosialhjelpa vert utmåla.

NAV Klepp-Time har høgt fokus på barn og barnefamiliar sin totale situasjon, og det vert arbeidd med å ha høg kompetanse og bevisstheit på temaet blant rettleiarane.



Kjelde: NAV

Arbeidsløysa har vist ei fin utvikling i 2021 både for unge vaksne og vaksne. For Time sin del, så er det 34 i aldersgruppa 16-29 år som er heilt arbeidslause per 30.11.22. Dette er lågare enn snittet i Rogaland og nabokommunar. NAV har gjennom heile 2022 arbeidd systematisk med gruppa som er arbeidslause, og vil fortsetta med dette også i 2023, blant anna med tanke på utdanning og overgang til arbeid.

Aktiviteten i norsk økonomi er høg, og det er mange ledige stillingar i regionen. Det er ei utfordring å finna kvalifiserte søkarar til stillingane. Dette krev vilje til omstilling og nytanking både hos bedriftene og NAV.

### Trygge skuleveggar

Følgande tiltak for tryggare skuleveg er gjennomført eller påbegynt i 2022:

- Opphøgd gangfelt og fartshumpar i Hetlandsgata.

- Fartshump i Brekkevegen.
- Fartshumpar i Frøylandsvegen.
- Kalbergvegen, fortau. Påbegynt i 2022, vert ferdigstilt i 2023.

### **Eldreressursen**

Eldre har mykje å bidra med og det er eit mål å kunne leggja til rette for at dei får å nytta sin kompetanse og engasjement på fleire områder i Time. Eksempel på dette i 2022 er besøksvenn, lyttevenn der barn kan øva på lesing saman med eldre, trim for eldre der eldre organiserer trimmen sjølve, og oppstart av språkkafé etter førespurnad frå Senior- og brukarrådet

Klepp og Time kommune har samarbeidd om å utarbeida handlingsplan for eit aldersvennleg lokalsamfunn. Arbeidet vart ferdigstilt i 2022 og formelt vedtatt i kommunestyret i februar 2023.

### **Aktivitetmangfald**

Det vart lagt ut turbrosjyrar for «Ti Turar i Time 2022» i matbutikkane i heile kommunen. Det er også i 2022 utført skilting og tilrettelegging av turløyper for å gjera turområda i kommunen meir tilgjengelege. Det vart i 2022 igangsett prosjekt for frisbeegolfbane på Lye som vil opna våren 2023. I samarbeid med alle barneskulane vart det gjennomført «Gå-til-skulen-aksjon» hausten 2022, med fokus på aktivitet og bruk av refleks. Det vart arrangert sykkeldag på Bryne torg i samarbeid med Bryne næringsforening 17.09. for å markera europeisk mobilitetsveke.

# 4 Tenester

## 4.1 Hovudtal per tenesteområde

Fordelt per tenesteområde	Budsjet		Budsjet		Avvik (B-R)
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	2022	2022	2022	2021	2022
<b>Oppvekst</b>	578 751	567 466	543 712	521 576	-11 285
<b>Helse og velferd</b>	377 346	368 669	347 645	341 528	-8 677
<b>Samfunn</b>	218 260	204 962	188 451	196 028	-13 298
<b>Stabstenester</b>	75 636	74 524	72 265	69 209	-1 112
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 249 993</b>	<b>1 215 621</b>	<b>1 152 073</b>	<b>1 128 341</b>	<b>-34 372</b>

## 4.2 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 24 verksemdar. Av desse er 10 skular (4 ungdomsskular, 6 barneskular med skulefritidsordning), 8 kommunale barnehagar (ein med avdeling open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste, familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring) og Flyktingtenesta for Time og Klepp. I tillegg er det 1 privat skule (1-10) og 9 private barnehagar i Time. Styrka barnehagetilbod, Ungdomsteam og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT), er også organiserte inn i Oppvekst.

Tenesteområdet skal gi opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gi hjelpe- og støttetiltak slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

### 4.2.1 Økonomi

Oppvekst	Budsjet		Budsjet		Avvik (B-R)
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	
	2022	2022	2022	2021	2022
Administrasjon	9 342	8 438	7 816	7 750	-904
Pedagogisk psykologisk teneste	7 758	8 014	7 733	7 095	256
Barnehagar	192 234	192 505	184 509	178 832	271
Undervisning	282 002	269 948	261 171	252 434	-12 054
Vaksenopplæring	569	4 192	3 886	1 050	3 623
Flyktingtenesta	11 201	12 284	8 976	7 799	1 083
Kulturskule	7 400	7 220	6 935	6 927	-180
Helsestasjons- og skulehelsetenest	18 135	17 794	16 012	17 175	-341
Førebyggjande arbeid ungdom	2 816	2 694	2 896	1 675	-122
Barnevern	47 294	44 377	43 778	40 839	-2 917
Tenester utanfor ord. kom. ansvar	0	0	0	0	0
<b>Sum Oppvekst</b>	<b>578 751</b>	<b>567 466</b>	<b>543 712</b>	<b>521 576</b>	<b>-11 285</b>

Tenesteområdet har eit netto meirforbruk i 2022 på 11,3 millionar kroner.

Undervisning har eit meirforbruk på 12 millionar kroner. Med unntak av to, har alle grunnskulane hatt meirforbruk i 2022. Meirforbruket vert i hovudsak synleggjort i forbindelse med manglande ressursar til finansiering av spesialundervisning og tiltak for tidleg innsats. I tillegg har kommunen hatt auka kostnader knytt til kjøp av tenester frå private skular. Desse kostnadane heng òg saman med spesialundervisning til elevar i private skular.

Barnevern har eit meirforbruk på 2,9 millionar kroner. Hovudårsak er kostnader knytt til tiltak utanfor heimen, i form av auka eigendel til plassering i beredskapsheim og institusjon. Samtidig har tenesta i 2022 nytta fleir ressursar til kjøp av tiltak, med målsetting å unngå plassering utanfor heimen fram i tid.

Vaksenopplæring har hatt eit mindreforbruk på 3,6 millionar kroner. Hovudårsak til mindreforbruket er at tilskot og refusjonar er godt over det som er budsjettert. Det igjen heng saman med auka statstilskot knytt til dei nye deltakarane (frå Ukraina).

#### 4.2.2 Rapportering om tiltak 2022

Tiltak	Merknadar	
Felles tiltak Oppvekst		
Auka samhandling i tenestene knytt til iverksetting av føringar og lovkrav knytt til barnevernsreforma/oppvekstreforma	U	
Implementera verktøya BTI (Betre tverrfagleg innsats) og Stafettloggen i organisasjonen (Folkehelse)	D	Implementering av BTI er pågåande. Bruk av stafettlogg er sett på vent.
Gjennomføra pulje fem i den statlege satsinga med fokus på inkluderande barnehage og skulemiljø (IBS) (Folkehelse)	U	
Følg opp prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på alle skulane (Folkehelse)	U	
Utarbeiding av ny overordna språkplan for barnehage og skule	I	Utsett til ny Strategiplan for oppvekst er vedteken
PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skulane (Folkehelse).	I	Tiltaket er endra. Arbeidet er del av det samla utviklingsarbeidet, forankra i overordna planar.
Alle verksemder i Oppvekst skal nytta Microsoft 365 som hovudplattform for dokumenthandtering og samhandling.	U	
Sikra at alle verksemder har nødvendig digital kompetanse og utstyr	D	Framleis stor variasjon mellom verksemdene
Revidering av Strategiplan for oppvekst	D	Vert fullført i 2023
Barnehagar		

Tilpassa antal barnehageplassar ut frå søkarar	U	
Ny barnehagebruksplan i 2022	U	
Kompetent personell – 50 % pedagogstillingar	D	Ikkje alle barnehagane har 50 % pedagogstillingar.
Barnehagane skal konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring til fleirspråklege barn.	D	Ikkje alle barnehagane har konkretisert arbeidet.
Satsing i alle barnehagar knytt til tema; leik og inkluderande barnehagemiljø (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel») (Folkehelse)	U	
To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiskarbarnehagar.	U	
Starta opp arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet» (Folkehelse)	U	
Barnehagane Lyefjell, Monsanut, Vestly Idrettsbarnehage, Maurtua og Jærbarnehagen (privat) startar opp i prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» (Folkehelse).	U	
To barnehagar skal delta i eit profesjonsfagleg utviklingsprosjekt (PUST) kring temaet «Teknologi i barnehagen».	U	
Planlegga for overgang til digitale barnemapper i 2021 med implementering i 2022	U	
Utarbeida ny kvalitetsplan for barnehagane, når ny strategiplan for oppvekst er vedteken	I	Utsett til ny Strategiplan for oppvekst er vedteken
Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leiing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKom).	U	
Resertifisera Class-observatørar og testa ut bruk av Class i barnehagane. Me vil også sertifisera nye observatørar, slik at me kan nytta dette verktøyet som for eksempel ståstadsanalyse og ved tilsyn.	U	
<b>Undervisning</b>		
Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule.	U	<i>Det er fleire enn 20 lærarar som søker på vidareutdanninga, men Udir har ikkje godkjent alle.</i>
For at fleire elevar som er fleirspråklege skal gjennomføra vidaregåande opplæring, skal det i fagstab utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag for å	D	Kunnskapsgrunnlaget er under utarbeiding og del av prosess i leiargruppe skule.

setta inn tiltak på området (Folkehelse).		
Stimulera og leggja til rette for funksjon som lærarspesialist etter modell 2 i begynnaropplæringa på 1.-4. trinn for ein lærar på kvar av barneskulane (Folkehelse).	I	Regjeringa la ned ordninga med lærarspesialistar.
Det skal opprettast lesenettverk på tvers av skulane	U	
Utarbeida ny overordna språkplan for barnehage og skule	I	Utsett til ny Strategiplan for oppvekst er vedteken
Ungdomsskulane skal leggja ein plan for korleis dei skal ta i bruk kunnskapen dei tileignar seg i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger (Folkehelse)	D	Skulane vil få resultat av prosjektet i 2023
Gjennom prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» skal den enkelte skulen utforma ei oversikt på grønt, gult og rødt nivå på deira skule. Kven gjer kva, til kva tid, med kven? (Folkehelse)	D	Dette er fortsatt under utarbeiding.
Skulane skal testa ut bruk av planleggingsverktøyet DigUp i personalet	U	
Ta i bruk løysing for digitale elevmapper	U	
Operasjonalisera mål i strategi for pedagogisk bruk av læringsteknologi	U	
Rektorane på alle skulane skal ha vidareutdanning i elev- og arbeidsrett	D	To rektorar gjennomfører nå studiet.
Utforma og følgja opp leiarstrategi for sin organisasjon	U	
PPT, Barnevern, Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)		
Lokalisering av kulturskulen for å møte kapasitetsutfordring ved Bryne skule og i kulturskulen	D	Vedtak i kommunestyret desember 2022: Midlar sett av til forprosjekt i 2025 med skisserte midlar frå 2026.
Laga rutine som sikrar samhandling og overgangar mellom Flyktingtenesta, skule/barnehage og helsestasjon i forbindelse med busetting av nye flyktningar i kommunen. (Folkehelse).	U	
PPT skal fortsetta å arbeida på systemnivå og ute i organisasjonane (Folkehelse).	U	
Kompetansen til helsesjukepleiar skal nyttast meir på systemnivå for alle elevane (Folkehelse).	U	
Systemarbeid helsestasjon og barnehage (vidareføra arbeid knytt til utviklingsstøttande praksis i småbarnsavdelingar og etablering av fast kontaktperson) (Folkehelse).	U	
Ungdomsteamet skal arbeida universelt på	U	

ungdomsskulane og skal bidra med tiltak inn mot individ/gruppe når det gjeld åtferd, skulefråvær og ungdomsoppfølging (SLT) (Folkehelse).		
Det skal lagast rutine for samhandling mellom barnevern og skule/barnehage.	D	Forsinka oppstart av tiltak med nettverkskontaktar. Rutine og modell for samhandling blir testa ut og etablert i 2023.
BTI-modellen skal vera i bruk i alle verksemdar.	D	
Sikra nødvendig digital kompetanse og utstyr og nytta Microsoft 365 som hovudplattform for dokumenthandtering og samhandling	D	Har gjennomført opplæring i verksemda, men det er framleis mykje utdatert utstyr i omløp som gjer bruk vanskeleg
Kulturskulen nyttar deltaking i Kul-VFL til å utvikla verksemda som lærande organisasjon.	U	
Utvikling av verksemdplanar som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle verksemdar	D	Dei fleste verksemdar har eiga verksemdplan, men det gjeld ikkje alle per 2022.
<span style="background-color: green; color: white; padding: 2px;">U</span> = Utført <span style="background-color: yellow; color: black; padding: 2px;">D</span> = Delvis utført <span style="background-color: red; color: white; padding: 2px;">I</span> = Ikkje utført		

#### 4.2.3 Arbeid knytt til ekstraordinær flyktningsituasjon

Då Russland invaderte Ukraina vart det starten på ein pågåande flyktningsituasjon som utfordrar heile Europa og set press på arbeidet med mottak og busetting av flyktningar i Norge. I forbindelse med dette gjorde kommunestyre etter oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), eit vedtak om å busetta 165 flyktningar i 2022. Totalt klarte Time kommune å busetta 140 flyktningar i 2022, av desse var 123 frå Ukraina.

Å busetta flyktningar er eit arbeid som skjer i alle tenester. Flyktingtenesta, som gjennomfører busetting og styrar introduksjonstilbodet etter lovverket og Bryne kompetansesenter som gir opplæring i norsk og samfunnsfag i tråd med integreringslova, har vore nøkkelverksemdar i arbeidet. Begge verksemdene er knytt til tenesteområde Oppvekst, og det var naturleg at koordinering av arbeidet vart lagt dit. Det vart etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå alle tenestene og stab, som har fungert som eit nav i arbeidet.

Heile kommunen har tatt del i arbeidet, inkludert frivillige lag og organisasjonar. Kommunedirektøren fekk delegerte utvida myndigheit til å gjera nødvendige justeringar av tenesteproduksjonen for å handtera den ekstraordinære busettingssituasjonen.

Barnehagar, skular, NAV, helsestasjon og fritid har saman med Flyktingtenesta og Bryne kompetansesenter vorte styrka med ekstra bemanning gjennom året, for å kunna møte den store auken. Tenesteområde Samfunn har saman med bustadutvalet hatt ei nøkkelrolle knytt til å finna tilgjengelege bustadar. Samhandling med det private utleigemarknad har vore avgjerande for å få eit så godt resultat.

Time kommune har òg i denne ekstraordinære situasjonen hatt eit godt samarbeid med dei andre kommunane på Jæren.

#### 4.2.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Tenesteområdet Oppvekst har jobba med tidleg innsats og førebygging, som er eit av kapitla i strategiplanen for Oppvekst. Det er arbeidd med dette i fleire år, og vart i 2022 sett i samanheng med barnevernsreforma og arbeidet med revidering av Strategiplan for oppvekst

Som ein del av dette arbeidet har pågåande satsingar vore prioriterte vidare. Desse er:

- Slutføring av kommunen si deltaking i statleg satsing «Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)». Time kommune har delteke i fleire puljar. Pulje 5 vart avrunda i 2022. Dei fleste skulane, alle dei kommunale barnehagane og nokre av dei private barnehagane har delteke i satsinga.
- Vidareføring av «Laget rundt læraren og eleven (LLE)». Det tverrfaglege samskappingsprosjektet har mål om å finna tiltak som kan føra til at fleire elevar enn i dag opplever meistring og tilhøyrsløse i skulen. Det vart gitt 6,7 millionar kroner i Folkehelsemidlar frå fylkeskommunen, og prosjektet vert følgt av forskingsmiljøet i partnerskap med VID (Vitenskapelig høyskole) i perioden 2019-2023.
- Igangsetting av «Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane (UPS)», eit interkommunalt prosjekt saman med Klepp, Time og Hå, pågår. Målet er å oppretta ein digital kompetanseplattform på grunnlag av resultat frå kartlegging i alle kommunane.

Konkrete tiltak knytt til tidleg innsats:

- Arbeid med handlingsrettleiaren for BTI
- Evaluering av tverrfagleg tiltaksteam.
- Igangsetting av prosess for etablering av systematisk leseopplæring i Timeskulen.
- Det er etablert nettverkskontaktar i Barneverntenesta. Desse skal arbeida tett ut mot helsestasjon, barnehage og grunnskule.
- Ungdomsteamet er slutført som prosjekt i 2022. Teamet er etablert som del av kommunen sitt ordinære tilbod.

Heile tenesteområde har i 2022 jobba for å nå den langsiktige målsettinga knytt til førebyggjande arbeid med barn og unge. Arbeidet viser at det er viktig at grunntenestane har handlingsrom for å kunna jobba med gode universelle tiltak. Samtidig vert dette utfordra av at ressursbruken i dag i stor grad må settast inn i individuelle tiltak til barn og unge.

Digitalisering har òg i 2022 vore viktig i alle tenestene i Oppvekst og i kommunen generelt.

- I skulesektoren er dette knytt opp mot VISMA flyt skule, der plattformen nå vert heilskapleg og brukt i kommunikasjon med føresette i tillegg til å vera eit administrativt verktøy knytt til forvaltning og digital timeplanlegging og timeføring. I tillegg vart løysing for digitalt elevarkiv valt.
- Barnehagane har implementert digitale barnemapper i 2022, og nytt heilskapleg barnehageadministrativt system er tatt i bruk.
- Det er utarbeida ein plan for digital praksis i barnehagane i Time kommune. Planen beskriv pedagogisk bruk av teknologi, infrastruktur, kompetanseutviklingstiltak, digital dømmekraft og samarbeid med føresette



- All kommunikasjon med foreldre går nå føre seg digitalt for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er etablert digital elev-booking i barne- og ungdomsskular.

Tenesteområdet hadde eit samla sjukefråvær på 7,9 % i 2022. Dette er ein auke på 1,8 prosentpoeng frå 2021, då talet var 6,1 %. Med unntak av 3. kvartal, som hadde eit samla sjukefråvær på 4,3 %, har 2022 vore prega av mykje sjukdom i einingane. Det samla sjukefråværet var høgast 1. kvartal med 11,4 % medan 2. kvartal hadde 7,4 % og 4. kvartal enda på 7.9 %.

### **Kompetanseheving, opplæring og praksis**

Oppvekst har hatt 12 lærlingar fordelte på barnehagar, skular og SFO våren 2022. 5 av desse avla fagprøve våren 2022, medan 2 slutta. Hausten 2022 vart 7 nye lærlingar tatt inn, det vil seia totalt 12 lærlingar hausten 2022. Meir om lærlingar under kap. 5.2.

Fleire barnehagar og skular har i periodar hatt praksiselevar frå vidaregåande og studentar frå universitet og høgskular. Det same gjeld barnevernstenesta og helsestasjonstenesta som òg har avtale om å ta imot studentar for praksis i tenestene.

19 lærarar fullførte vidareutdanning våren 2022 og 15 lærarar starta opp vidareutdanningsløp hausten 2022 gjennom statleg ordning. Dei fleste tek fordjuping i faga norsk, engelsk og matematikk. Men òg i faga norsk som andrespråk, spesialpedagogikk, digital kompetanse, programmering, tysk og sosialpedagogikk.

To avdelingsleiarar har fullført rektorutdanning i 2022, og ein rektor har fullført master i leiing.

Ein styrar har fullført styrarutdanning, og ein styrar tek vidareutdanning i leiing på masternivå. Det vart òg jobba med målretta rekruttering av eigne tilsette i barnehagane gjennom ABLU-ordninga (arbeidsplassbasert barnehagelærer-utdanning). 3 barnehagelærarar tek vidareutdanning på områda *barns språkutvikling og språklæring* og *spesialpedagogikk*.

Både barnehage, skule og PPT har delteke i statlege kompetanseordningar. For barnehageområdet vert ordninga kalla «Regional ordning for kompetanseutvikling», medan skuleområdet har «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling». Ordninga for PPT vert kalla «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis».

Med utgangspunkt i utviklingsplanen til einingane, vert det kontinuerleg lagt til rette for kurs og jobba med intern kompetanseutvikling. Desse kjem i tillegg til dei store og overordna satsingane som er omtala tidlegare.

### **Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)**

PPT har eit mindreforbruk i 2022 på 256 000 kroner.

Time PPT har òg ansvar for oppfølging av elevane frå Klepp som går på Vardheia ungdomsskule.

PPT skal vera ei fagleg kompetent teneste og oppdatert på ny forskning. Rutinar og malar skal vera i tråd med lovverk. Dette må reviderast jamleg. I 2022 har tenesta utvikla ein idébank med malar for samtalar, og arbeidet med å revidera malar til sakkunnig tilråding til skule er ferdigstillt. Arbeidet med mal for sakkunnig tilråding til barnehage vert slutført våren 2023.

Tabellen under viser antal aktive saker dei siste tre åra, fordelte på alder.

Ved årsslutt	Nye tilvisingar	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Alder 16-19 år	Vaksne 20+	Sum saker	Sak.vurd ikkje sett i gang
2019	105	64	372	0	29	465	0
2020	100	59	351	1	23	433	1
2021	200	65	414	0	30	509	4*
2022	157	65	480	1	38	584	29

\*gjeld logoped til barn

Det har vore ein reduksjon i talet på nye tilvisingar til tenesta sett opp mot tala frå 2021. Det er ei opphoping av tilvisingar knytt til elevar på 4. og 8. trinn, og tilvisingsgrunnlag er i hovudsak fagvanskar og sosioemosjonelle vanskar. Ofte gjeld tilvisinga ein kombinasjon av desse.

Den store auken i tilvisingar i 2021, og eit vedvarande høgt nivå i 2022, har ført til at tenesta har hatt mindre kapasitet for å starta opp utredningsarbeid når nye tilvisingar kjem. Konsekvensen er at det gjennom året har tatt stadig lengre tid frå mottak av tilvising til oppstart av sakkyndig utredning. Per 31.12.22 var det 29 saker som var tilvist, men ikkje starta opp.


Talet på aktive saker aukar, og auken heng saman med saker knytt til barn i grunnskulealder. Det har i tillegg vore ein auke i talet på vaksne som har aktive saker hos PPT. Tenesta går jamleg gjennom aktive saker for å vurdere om dei kan avsluttast. Dette for å sikra at det er rette saker som er aktive. Dei aktive sakene fordeler seg på 363 gutar (62%) og 221 jenter (38%).

Tenesta ser at det vert jobba godt i grunntenesta med kartlegging, og dei tilvisingane som kjem er reelle og har vore drøfta med kontaktperson ute i einingane.



PPT hadde eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 5,3 % i 2022. Tilsvarende tal for 2021 var 2,5 %. Auke i sjukefråvær skuldast covid.

## Barnehage

Ved rapportering 15. desember 2022 var det registrert 1152 barn i barnehagane i Time. 604 av desse hadde plass i kommunal barnehage, medan 548 hadde plass i privat barnehage. Samanlikna med 2021 er det ein svak auke i talet på nytta barnehageplassar. Sjå kapittel 9.1.1 for fleire nøkkeltal for barnehagane.



Netto driftsutgifter til barnehage ligg litt over Klepp og Hå, men under andre i samanlikninga. Årsaka til høgare kostnadar enn nabokommunane er at Time har fleire barn i private barnehagar.



Kjelde: BASIL

Tabellen viser barn i barnehage med enkeltvedtak etter gjeldande lovverk. Det er ein svak auke samanlikna med 2021, men dei siste 5 åra viser relativt stabile tal. På landsbasis ligg talet på 3.6 %.

Tabellen under viser redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.


Årstal	Tal på barn	Familiar med redusert foreldrebetaling	Prosentdel med redusert foreldrebetaling	Del av desse med redusert kjernetid i tillegg	Prosentdel m/reduksjon
2017	1120	102	9,11 %	62	60,8 %
2018	1182	104	8,80 %	92	88,5 %
2019	1151	104	9,04 %	79	76,0 %
2020	1117	90	8,06 %	87	96,7 %
2021	1147	106	9,24 %	103	97,2 %
2022	1152	159	13,80 %	153	96,2 %

I 2016 vart ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid innført av sentrale styresmakter. Ordninga med gratis kjernetid gjaldt opphavleg for 4- og 5-åringar, men denne er utvida til også å gjelda 2- og 3-åringar. Auken i innvilga « redusert foreldrebetaling » og « gratis kjernetid » har auka i perioden. Årsakene er fleire har hatt fått rett og at inntektsgrensene for når ordninga slår inn, er auka.

Barnehagane har i 2022 gjennomført brukarundersøking. wOppsummering av resultata er kort omtala i kapittel 7.

Samla sjukefråvær i barnehagane vart 9,8 % i 2022, mot 8,4 % i 2021. Sjukefråværet har vore høgt gjennom heile året, med ein topp i 1. og 4. kvartal. Målet for barnehagane er 7,8 %

## Undervisning



Hå sine tal kan ikkje direkte samanliknast då dei har mange barn i private skular.

Våren 2022 var Agenda Kaupang AS henta inn for å gjennomføra ein analyse av grunnskulen i Time. Dette var med bakgrunn i at området over tid, og spesielt for 2021 gjekk med eit større meirforbruk. Konklusjonen i rapporten var at effektiviteten i tenesta (kvalitet sett i forhold til kostnader) er høgare enn gjennomsnittet i samanliknbare kommunar (KOSTRA-


gruppe 7). Det vart i økonomiplanarbeidet for 2022 og 2023 lagt inn ein auke tilsvarande meirforbruket skulane hadde hatt i 2021.

Ved rapportering 1. oktober var det registrert 2891 (inkl. 171 frå Klepp) elevar i grunnskulen i Time. Dette er ein auke på 108 elevar frå 2021. Av desse går 1921 elevar på 1.-7. trinn med ein nedgang på 12 elevar frå 2021. På ungdomstrinnet er det registrert 970 elevar. Dette er ein auke på 120 (75 av desse frå Klepp) elevar frå året før. For fleire nøkkeltal, sjå kapittel 9.1.2

Frå hausten 2022 vart det innført gratis deltids plass for elevar på 1. trinn i SFO. Ved rapportering 1. oktober vart det registrert 587 elevar på 1.-4. trinn som nyttar skulefritidsordninga. Det er ein auke på 82 elevar frå 2021, jamfør kap. 9.1.3.

Skulane har òg i 2022 gjennomført elevundersøking og foreldreundersøking. Oppsummering av resultata er kort omtala i kapittel 7.

Tabellen under syner gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring. Statistikken syner at det positiv utvikling alle dei fire siste åra for våre elevar.




Kjelde: Rogaland fylkeskommune

I 2020 vart statistikken endra slik at ein nå måler gjennomføring etter 5 år for studieførebuande, og etter 6 år for yrkesfagleg utdanningsprogram. Dei to siste åra 2021 og 2022 kan direkte samanliknast, og viser framleis positiv utvikling.

I samarbeidet med Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule og Øksnevad vidaregåande skule er delmålet i «Overgangsplan frå grunnskule til vidaregåande skule» for gjennomføring, at 82 % av elevane skal fullføra og bestå vidaregåande opplæring i 2024. Dette målet vart for Time sin del justert opp til at 9 av 10 av våre ungdommar skal fullføra vidaregåande


opplæring. I 2022 er ein svært nær dette målet då 89,9 % av elevane våre har fullført vidaregåande opplæring etter 6 år.

Alle skulane ligg innanfor lærarnorma som er 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Skulane har hatt utfordringar knytt til å innfri kravet om at det skal settast inn særlege tiltak med ein gong det vert avdekka at elevar på 1.-4. trinn har behov for oppfølging innanfor lesing og rekning jamfør § 1-4 i opplæringslova. Det vart i Økonomiplanen styrka med 2 årsverk med verknad frå august til dette føremålet. Desse ressursane er nytta inn i arbeidet med lesing på barneskulane. På kvar av skulane er det oppretta stillingar som ressurspersonar i lesing som skal følgja opp elevar som har behov.



Kjelde: Analysebrettet - Udir.no

Del av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har frå 2021 auka på alle trinn samanlikna med tidlegare år. Den same utviklinga ser ein også i dei nærliggande kommunane. I 2022 ligg me over nasjonalt nivå.



Kjelde: GSI

Diagrammet syner at talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp har auka for kvart år. Det har over tid vore eit stort omfang av timar knytt til mange av enkeltvedtaka. Registrering per 1. oktober 2022 syner at talet på enkeltvedtak frå 2021 aukar mest på mellomtrinnet (5.-7.trinn). I perioden 2019/2020-2022/2023 er auken like stor på ungdomstrinnet som på mellomtrinnet. Konsekvensen av utviklinga med auke i talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp, og auka omfang i timar er at dette vil medføre behov for meir ressursar i skulen totalt sett.

Auken i delen av elevar med vedtak om spesialundervisning i 2022 er ikkje eit isolert funn for timeskulen. Tal på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå i nærliggande kommunar viser same utvikling. To år med pandemi og store endringar i skuledagen kan vera noko av forklaringa. Samtidig syner tala ei utvikling bort frå målsettinga om at fleire elevar skal få tilpassa hjelp i ordinær undervisning.

Ei viktig oppgåve i Jærskule-samarbeidet er rekruttering av kvalifiserte lærarar. Antal søkarar auka frå 2014 til 2021. I 2022 hadde Time 153 søkarar ved hovudutlysinga. Dette var ein nedgang frå åra før. Ei utfordring for skulane er dei fleste kandidatane er søkarar i fleire kommunar. Sjølv om det er eit godt grunnlag i første omgang, forsvinn mange av kandidatane til andre kommunar. Det er spesielt stor konkurranse om lærarar som har teke lærarutdanning for 1.-7. trinn. Desse er det svært få av og det medfører at skulane må bruka lærarar som er spesialisert for 5.-10. trinn. Konsekvensen er at skulane ikkje har den trengte kompetansen til dei yngste på 1.-4. trinn og dette vert registrert som kompetanse som ikkje er kvalifisert i GSI.

Sjukefråværet i skulane ligg med eit snitt på 6,7 % i 2022. I 2021 var snittet for skulane 5,3 %. Måлтаlet for skulane er 6 %. Det er berre ein av skulane som ligg under dette nivået.

## **Vaksenopplæring – Bryne kompetansesenter (BKS)**

Time kommune er vertskommune for vaksenopplæringa for Hå og Klepp. BKS er ansvarleg for fagleg innhald, utvikling og drift. Leveranse og finansiering er regulert gjennom samarbeidsavtalar som vart underteikna i 2021. Då Russland gjekk til krig mot Ukraina medførte dette ein stor auke i behovet for tilbod ved BKS. Organisasjonen har vist evne og fleksibilitet til å tilpassa seg endringar på kort varsel, noko som sikrar eit godt tilbod for alle kommunane. Nøkkeltal i kapittel 9.1.5 viser fordeling av deltakarar på dei ulike tilboda og mellom kommunane.

BKS hadde i 2022 opplæring på to hovudområde:

- BKS gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarak etter introduksjonslova for deltakarar frå Hå, Klepp og Time kommune. I tillegg kan personar utan lov og rett kjøpa denne tenesta av BKS.
- BKS gir grunnskuleopplæring til vaksne deltakarar frå Klepp, Time og Hå kommune. BKS er med i prosjektet «FVO (førebuande vaksenopplæring)». I prosjektet er læreplanar tilpassa vaksne innvandrarak, og det er mogleg å få både norsk språkopplæring og undervisning i grunnskulefag samtidig.

Bryne kompetansesenter er tilbydar av statsborgarprøve, norskprøve og prøve i samfunnskunnskap. Dette er prøvar som er etterspurde, og i mange tilfelle prøvar ein må betala for. Det er også eit stort behov for informasjon og rådgjeving kring rettar, lovverk og støtteordningar til deltakarar og andre.

Sjukefråværet for Bryne kompetansesenter var på 4,4 % i 2022. I 2021 var snittet for tenesta 2,5 %.

## **Flyktingtenesta Time og Klepp**

Tenesta hadde eit netto mindreforbruk på 1,1 millionar kroner i 2022. Tenesta har fått tilleggsløyvd 3,1 millionar kroner for å møte auken i flyktingar. Mindreforbruket er fordi dei fleste flyktingane som vart busette i 2022, kom i perioden frå mai til desember. Brorparten av flyktingane kom derfor ikkje i gang med introduksjonsprogrammet før etter sommarferien og på hausten. Tenesta hadde meirforbruk knytt til fast lønn og driftsutgifter. Dette heng saman med auke i lønn og utgifter knytt til inventar og tilrettelegging av lokalar ved auka av tilsette, stor auke i tolkeutgifter og lisensutgifter.

Flyktingtenesta har hatt sitt første år etter samanslåing som ikkje har vore prega av heimekontor og andre smittevernstiltak. Det har vorte arbeidd med å samla dei tilsette i organisasjonen. Fokuset har vore på å skapa samhald og ha leiing som er tilgjengeleg. Eitt av tiltaka var ein tur med fagleg og sosialt innhald. Her vart det arbeidd med effekt mål, resultatmål og tiltak for arbeidet i tenesta. Med mange nye tilsette har det vore viktig å verta kjent, og å skapa ei trygg ramme rundt ein travel kvardag.

Time kommunen busette 140 flyktingar av ein kvote på 165 flyktingar i 2022. Av desse kom 123 frå Ukraina, 16 frå Syria og ein frå Iran. Årleg busetting for Time kommune er vanlegvis 20-30 flyktingar, men på grunn av krigen i Ukraina, vart kvota auka. I tillegg kom det fire familiesameinte til kommunen. Årsaka til at kommunen ikkje greidde å fylla kvota var at busettinga av ukrainarane ikkje kom i gang før i mai månad, og at ein ikkje hadde kapasitet



til å busetta fleire. Tenesta har åtte fast tilsette, og fekk i løpet av året auka bemanninga med 4,8 mellombels årsverk for å møte auken i talet på flyktningar til Time og Klepp. Det kom i alt 141 flyktningar til Klepp kommune i tillegg til tre familiesameinte.

I 2022 har tenesta arbeidd med mål og tiltak for tenesta. Følgande effektmål legg føringar for resultatmål og tiltak:

- Me arbeider heilskapleg med den enkelte flyktning på tvers av tenester og faggrupper.
- Flyktningfamiliane er sjølvstendige, trivst og kjenner seg som ein del av lokalsamfunnet. Her har fokuset vore på å trygga flyktningforeldre i foreldrerolla, og fleire tiltak er gjennomførte i tråd med planen.
- Deltakarane i introduksjonsprogrammet trivst og får gode resultat.

For kvart av effektmåla over er det utvikla resultatmål og tiltak. Desse ligg til grunn for arbeidet i tenesta og vert evaluerte.

I arbeidet med tverrfagleg samhandling har tenesta ein tilsett i 100 % stilling jobbar med foreldrerettleiing, tiltak inn mot nye familiesameinte og med oppfølging av personar og familiar med utfordringar. Vedkomande har samtale med alle nybusette par og familiar for å informera og førebygga. I tillegg deltek denne i pilotprosjekt i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Flyktningstenesta har eit sjukefråvær på 2 % i 2022. Tilsvarande tal for 2021 var 1 %. Tala er godt under måltal trass i eit særst travelt år og fråvær knytt til covid første kvartal.

### **Time kulturskule**

Hausten 2022 hadde kulturskulen 697 elevplassar. Tilsvarande tal i 2021 var 642. Desse elevplassane er fordelte på 535 elevar. Etter opptak haust 2022 var 173 elevar på venteliste for tilbod i kulturskulen. I tillegg var det 20 elevar som har søkt på eit tilleggsfag. I tillegg til auke i elevplassar, har Time kulturskule auka arbeidet sitt inn mot grunnskulen med utgangspunkt i Kulturskule + Grunnskule = Sant.


Skulekorpsa har ein varierende medlemsmasse og dei har hatt behov for ekstra teneste frå kulturskulen. Kulturskulen dekkjer skulekorpsa sine ekstra behov for undervising og opplæring.

Kulturskulen arbeider for mangfald, integrering og ein kulturskule for alle. Elevplassar vert forsert til flyktningar og som tiltak i samarbeid med barnevern og familiesenter. Skulen har fått eigne driftsmidlar øyremerka redusert foreldrebetaling. Dette er eit tiltak for å sikra deltaking og inkludering for barn, uavhengig av betalingsevne til foreldre. Desse midla kjem i tillegg til det som det vert søkt om hos Røde Kors Coop-dugnaden og Røde Kors Grasrotfond.

Skulen har eit profesjonsfellesskap som saman vidareutviklar verdiplakat og erverva kompetanse innan vurdering for læring. Dette har vore viktige fokus i personalmøta. Utover dette har skulen hatt mykje fokus på å synleggjera kulturskulen si rolle i forbindelse med overordna samfunnsmandat og nasjonale- og kommunale styringsdokument.

Kulturskulen har eit sjukefråvær på 7,3 % i 2022. Tilsvarande tal for 2021 var 4,1 %. Auka er knytt til langtidsfråvær knytt til sjukdom. Covid vert skissert som grunnlag for høgt korttidsfråvær i 1. kvartal.

## Helsestasjon- og skulehelsetenesta



Helsestasjonstenesta hadde eit meirforbruk på 0,3 millionar kroner i 2022. Meirforbruket er relatert til manglande prosjektfinansiering, det vil seia statstilskot og brukarbetaling.

Tenesta har hatt fokus på implementering av BTI og bidreg i utprøving av modell for barnekoordinator i kommunen saman med teneste- og samordningskontoret.

Helsestasjonen 0-5 år har heva kompetansen på søvn i tråd med behov uttrykt i brukarundersøking. Det er jobba med å få på plass eit systematisk samarbeid med barnehagane, og det er etablert faste kontaktpersonar i kvar barnehage som skal ha faste treffpunkt.

Skulehelsetenesta har hatt opplæring i kartleggingsverktøyet Firfotmodellen som del av arbeidet med BTI. Det er òg kome på plass elev-booking ved skulane, slik at elevar sjølv kan bestilla tid hos skulehelsetenesta.

Flyktinghelsetenesta har gjennomført særskilt helseoppfølging av flyktningar i forbindelse med busetting. Dette gjennom eit samarbeid med Flyktingetenesta. Rutinar for dette arbeidet er utvikla, og det er etablert gode rutinar for gjennomføring av lovpålagt foreldrerettleing ved å nytta programmet IDCP. Det har i 2022 vore ein auke av ressursar nytta til dette arbeidet i forbindelse med auke i antal flyktningar.

Jordmortenesta har utvikla mal for fødselsførebuande kurs som skal gjennomførast i 2023. Dette er eit universelt tilbod som er utvikla med utgangspunkt i behov hos sårbare familiar. Tenesta har fått kompetanseheving innan observasjon av nyfødde og [Mamma Mia](#), eit forskingsbasert sjølvhjelpsprogram knytt til helse og trivsel for mor, barn og partner.

Familiesenter og helsesjukepleiar i ungdomsskulen har hatt oppstart av kurs i foreldrestøtteprogrammet *Tuning into teens*.

Helsestasjonstenesta har eit sjukefråvær på 8 % i 2022. Tilsvarende tal for 2021 var 6,6 %. Auken er knytt til langtidsfråvær knytt til sjukdom. Covid vert skissert som grunnlag for høgt korttidsfråvær i 1. kvartal.

### Førebyggande arbeid ungdom

SLT-koordinator leiar Operativ SLT-gruppe, Politiråd, og Oppvekstteam i Bryne sentrum, Frøyland, Lye og Undheim. I desse gruppene sikrar ein stor grad av samskaping i alle ledd på kommunenivå og ut mot private og frivillige samarbeidspartnarar. SLT-koordinator sit i eit samarbeid mellom jærkommunane som vert kalla SLT-Jæren, og ei gruppe med fleire av kommunane i Rogaland som vert kalla SLT Sør-Vest. Her sikrar ein samarbeid på tvers av kommunegrenser, og ein har anledning til å drøfta erfaringar og trendar. SLT-koordinator er i tillegg til ovannemnde fagleiar for Ungdomsteamet.


2022 var siste året Ungdomsteamet vart drifta som prosjekt. Teamet består av til saman 2,6 årsverk fordelt på 3 tilsette, der ein av desse har ei kombinert stilling med Meistringssenteret. Hausten 2022 flytta ungdomsteamet i eigne lokale, sentralt i Bryne.

Ungdomsteamet har som mål å bidra til å sikra rett hjelp til rett tid på rett stad, og skal på lang sikt gi ungdommen lyst på livet og evne til å meistra det. Tilbodet er eit frivillig lågterskeltilbod for barn og unge i aldersgruppa 12-25 år. Teamet driv både oppsøkande, gruppebasert- og individuell oppfølging.

I 2022 har teamet hatt individuell oppfølging med om lag 50 ungdommar.

Det er gjort ei evaluering av teamet, og det er utarbeidd ein rapport kor arbeidet til teamet vert presentert. Her vert det òg peika ut retning for vidare arbeid. I 2022 har teamet fått eigne lokale, systemarbeidet ut mot grunnskulane er styrka. Det er gjort eit arbeid for å sjå Ungdomsteamet opp mot Familiesenter og Meistringssenter slik at ein har vorte kjende med kvarandre og kva som ligg til dei ulike tenestene.

### Barnevern



Tenesta har utvikla ein eigen plan for utviklingsarbeid for 2022 og 2023 og har hatt følgande fokus:

- Barnevernreforma; samarbeid og koordinering med resten av oppvekst i kommunen, slik at me lykkast med å gi rett hjelp, til rett tid, på rett stad. BTI er godt kjent i tenesta, og har ført til eit felles språk som styrkar samhandling med andre tenester. Nettverkskontaktar er etablert, og det er gjort utprøving av modell i ein av barnehagane.
- Bli betre samarbeidspartnerar for foreldre, barn, unge og andre som me samarbeider med. I 2022 har tenesta gjort eit løft på kvalitet på tiltaksplanar som er knytt til barn og foreldre sin medverknad, utforming av mål og bruk av tiltaksplanar som eit aktivt arbeids- og evalueringsverktøy. Det er arbeid med rutinar og arbeidsmåtar knytt til opplæring og rekruttering av fosterheimar.
- Arbeid med nærvær og fokus på å halda saksmengda under kontroll. I 2022 har det vore fokus på leiing, og arbeidet med nærvær har m.a. hatt fokus på å ferdigstilla rolleskildring, rutinehandbok, strategi- og kompetanseplan for tenesta. Tenesta har eit jamt fokus på internkontroll, analyse og evaluering for å sikra at ein arbeider rett for å nå oppsette mål for tenesta.
- Oppfølging av EMD-dommar med utvikling av nye rutinar og arbeidsmåtar knytt til foreldre som har barn under omsorg og vurderingar knytt til samvær og tilbakeføring.

Tenesta har i 2022 utarbeida ein eigen tilstandsrapport som vert lagt fram for politisk behandling våren 2023, i tråd med nye føringar i barnevernlova (§ 2-1).

Barneverntenesta i Time er vertskommune for ei felles tiltaksavdeling med Klepp og Hå. Som følgje av arbeid med føringar knytt til barnevernsreforma, vart alle kommunane samde om å styrka avdelinga med 1 stilling kvar frå januar 2022. Vertskommuneavtalen er revidert og behandla politisk.

Barnevernet har eit sjukefråvær på 10,5 % i 2022. Tilsvarande tal for 2021 var 11,7 %. Talet er høgt, men det er ein reduksjon frå i fjor. 1. halvår var sjukefråværet høgt. Dette hadde ikkje samband med forhold i arbeidsmiljø, men er knytt til sjukdom og livskriser. Det vart sett i verk tiltak i 2021 og 2022 som har hatt betydning for sjukefråværet, og har sikra at dei som er i jobb ikkje opplever ei for stor belastning.

#### **4.2.5 Utfordringar framover**

- Samfunnsendringar som utfordrar kommunen sitt tradisjonelle tenestetilbod for barn og unge. Kjem mellom anna til syne i auka omfang av spesialundervisning i barnehagar og skular, universell satsing kontra individuelle rettigheter og skjæringspunkt mellom tilbod heimla i opplæringslova og/eller helse- og omsorgstenestelova.
- Arbeid for å auka handlingsrommet i grunntenestane gjennom endring av ressursbruk knytt til individuelle tiltak (rett hjelp, til rett tid, på rett stad).

- Statleg målsetting at 50 % av dei tilsette i barnehagane skal ha utdanning som barnehagelærer. Kommunen er nære målsettinga som er viktig for å sikra fagleg kompetanse og god leiing.
- Busetting av flyktingar: Vidareføra arbeidet frå 2022. Vedtatt tal for busetting i 2023 er 170.
- Komande politiske saker:
  - Revidert strategiplan Oppvekst

## 4.3 Helse og velferd

Tenesteområdet omfattar administrasjon med teneste- og samordningskontor, institusjonsteneste, heimeteneste, miljøteneste, helse og rehabilitering med legetenesta, psykisk helse og rusarbeid, aktivitets og servicetenester og NAV.

Frå 1. juni vart avdeling Helse og rehabilitering med legetenesta og NAV flytta organisatorisk frå tenesteområdet Samfunn til tenesteområdet Helse og velferd. Verksemda Helse og rehabilitering og sosialtenester rapporterer i årsrapporten for 2022 under tenesteområdet Samfunn.

### 4.3.1 Økonomi

Helse og velferd	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Avvik (B-R)
	2022	m/endingar 2022	u/endingar 2022	2021	2022
Administrasjon og tenestekontor	11 707	11 831	12 506	10 606	124
Institusjonstenester	81 711	81 795	76 607	74 667	84
Heimetenester og rehabilitering	104 739	97 011	90 966	90 820	-7 728
Miljøtenester	137 862	134 620	126 596	125 385	-3 242
Psykisk helse og rusarbeid	29 072	30 112	30 613	25 667	1 040
Aktivitets- og servicetenester	6 707	6 269	6 392	6 523	-438
Samhandling og vaksinekontor	5 548	7 031	3 965	7 860	1 483
<b>Sum Helse og velferd</b>	<b>377 346</b>	<b>368 669</b>	<b>347 645</b>	<b>341 528</b>	<b>-8 677</b>

Helse og velferd har eit meirforbruk på 8,7 millionar kroner. Heimetenester og rehabilitering har 7,7 millionar kroner i meirforbruk. Årsaka til meirforbruket er samansett. Etterslep på tenester i spesialisthelsetenesta grunna pandemien, ein auke i andre smittsame sjukdommar og auka tal på eldre har ført til ei generell auke i behov for helse- og omsorgstenester i kommunane. Høgt sjukefråvær og vanskar med rekruttering i alle verksemdar har ført til meirkostnadar.

Helse og velferd har betalt ein million kroner til Helse Stavanger for utskrivingsklare pasientar. Det er eit meirforbruk på 0,8 millionar kroner knytt til driftsutgifter på bil. Ein større del av utstyret til velferdsteknologi vert leasa. Dette gir eit meirforbruk på driftskostnadar og eit mindreforbruk på investeringar.

Psykisk helse og rustenestene har hatt eit mindreforbruk på ein million kroner som kan knytast til redusert kjøp av tenester samt mindre innleie ved korttidsfråvær ved Meistringssenteret.

Miljøtenesta har eit meirforbruk på kjøp av eksterne institusjonstenester på 1,8 millionar kroner. Bryne aktivitetssenter har fått tre nye brukarar og i tillegg har fleire brukarar fått auka vedtak, noko som har medført meirforbruk på ein million kroner.

Vaksineringa har ikkje vore så omfattande som først tenkt, det har gitt eit mindreforbruk på 1,5 millionar kroner for samhandling og vaksinekontoret.

### 4.3.2 Rapportering om tiltak 2022

Tiltak	Merknadar	
Revidera "Strategiplan helse og velferd"	U	
Evaluera og følga opp Bustadplan 2020-2040	D	Pågåande arbeid
Følgja opp heiltidserklæringa	U	
Greia ut behovet for samarbeidsutval for omsorgstenester	U	
Gjennomføra brukarundersøkingar	D	Pågåande arbeid
Etablere nytt tiltak i Vestbygget	D	Pågåande arbeid
Evaluera kvardagsrehabilitering	U	
Evaluera organisering av verksemda rus- og psykisk helsearbeid	I	Startar januar 2023
Styrka kompetanse ressursstyring og elektronisk journal	U	
Ta i bruk velferdsteknologi i fleire verksemdar	D	Pågåande arbeid
Utarbeida ein pårørandestrategi	D	Eiga sak i 2023
Oppretta ei stilling som ernæringsfysiolog	D	Pågåande arbeid
Utarbeida plan for legetenesta	U	

### 4.3.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Helse og velferd

Sjukefråværet i 2022 var 10,6 % mot 9,8 % i 2021. Både i starten og i slutten av 2022 hadde fleire avdelingar høgt sjukefråvær. Det har resultert i ekstra innleie av personell og bruk av overtid. Det har vore eit godt samarbeid med tillitsvalde om moglege tiltak for å unngå belastningar hos tilsette.

Det har vore ei uvanleg auke i innleggingar på SUS. Det har gitt ein auke i antal utskrivingsklare pasientar til kommunen. Dette har sett store krav til medisinsk, fysikalsk og sjukepleiefagleg kompetanse i korttids- og rehabiliteringsavdelinga og i heimetenesta.

Helse og velferd gjenopna tre av fem ledige senger på korttidsavdelinga våren 2021. På grunn av stort press på tenestene har dei to siste sengene vore tekne i bruk delar av året. Det vert laga ein avtale med Klepp kommune om kjøp av korttids plassar ved behov.

Helse og velferd har hatt ansvar for å gi tilbod om fjerde dose med koronavaksine til innbyggjarar med kroniske sjukdommar og for aldersgruppa 65 år og eldre. Apotek 1 på Kvernaland og Bryne har samarbeida med kommunen om vaksinerings. Innbyggjarar har kunna henta hurtigtestar på rådhuset gjennom heile året.

Teneste- og samordningskontoret registrerer ein auke i komplekse saker der barn har behov for tenester som krev tverrfagleg samarbeid mellom skule og helsetenesta. Desse sakene er utfordrande og krev individuelle og fleksible løysingar.

For familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver har det vore eit aukande behov for fleire avlastingsdøgn, omsorgsstønad og fritidskontakt.


I 2022 fekk kommunen ei felles heiltidsstrategi. Alle avdelingar arbeider med å etablere heiltidskultur. Årsturnus er eit av verkemidla for å oppnå store stillingar. Institusjonstenesta har vore først ut med arbeid med årsturnus, og i desember starta den første avdelinga opp.

Gjennomsnittleg stillingsprosent i Helse og velferd per 31.12.2022 var 68,1 % mot 66,7 % i 2021.

Gjennomsnittleg stillingsprosent	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
	60,9	61,1	64,3	64,2	64,3	66,7	68,1

Arbeid med demensvennleg samfunn er følgd opp. Tilsette i service- og næringslivet i Time kommune har fått undervisning om demensvennleg samfunn, og seks butikkar er godkjende som demensvennleg. Det er utarbeida ein handlingsplan for aldersvennleg samfunn saman med Klepp kommune. Den har sitt utspring i Meld.St.15 (2017-2018) Leve hele livet. Seminaret for pensjonistar vart gjennomført i juni med godt oppmøte. Seminaret har som mål å informera innbygarane om kva dei sjølv kan gjera for å laga seg ein god alderdom.

I samarbeid med Klepp, Hå og Gjesdal kommune har ein gjennomført brukar- og pårørandeskule hausten 2022 for heimebuande personar med demens og deira pårørande.



### Kompetanseheving, opplæring og praksis

21 lærlingar i Helse og velferd og 5 lærlingar tok fagprøve gjennom ordninga «fagprøve på jobb». To menn har hatt praksis i ordninga «Menn i helse».

50 sjuke- og vernepleiarstudentar har hatt praksisplass, 54 Vg1- og Vg2-elevar frå Bryne og Tryggheim vidaregåande skular har vore i praksis og 6 personar har hatt arbeids- og språkpraksis. 30 sjuke- og vernepleiarar som går i rekrutteringsstillingar får kompetansemidlar frå Statsforvaltaren.

Helse og velferd sin kompetanseplan er styrande for kompetansehevinga som vert prioriterte i verksemdene. Alle verksemdar har hatt auke i antal tilsette med fagkompetanse.

KlinObsKommune er ein modell for klinisk observasjonskompetanse for faglært helsepersonell. Helse og velferd har prioritert opplæring i dette for å styrka dei tilsette sin



kompetanse med å oppdaga og raskt respondera på endringar i somatisk tilstand sjå innbyggjar.

Det er gjennomført fagdag for ernæringsansvarlege og det har vore haldt “Bra mat” kurs i lag med Klepp kommune.

I Institusjonstenesta har dokumentasjon, observasjonskompetanse og bruk av tvungen helsehjelp etter kap.4a i Lov om pasient og brukarrettigheter vore prioriterte område.

Saksbehandlarane på teneste- samordningskontoret har hatt kurs i saksbehandling av tenesta brukarstyrt personleg assistent (BPA). Det har vore arrangert fagdag kor Statsforvaltar var invitert for å drøfta generell saksbehandling, lovverk og behandling av klagar.

Heimetenesta er med i forskingsprosjektet Tele Ambus. Det er eit samarbeid mellom fleire kommunar, hudavdelinga på SUS og NORCE. I prosjektet vert det forska på digital oppfølging av sår.

Heimetenesta og rehabilitering har arbeidd med ein digital opplæringspakke frå USHT Rogaland (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester) retta mot smertelindring og lindring ved livets slutt.

I Miljøtenesta har det vore fokus på implementeringa av PAS (positiv åtferdsstøtte) som verdi og rammeverk for tenesteytinga.

### **Administrasjon og tenestekontor**

Tenesta består av kommunalsjef Helse og velferd, tre rådgjevarar, lærlingar, kommunepsykolog og Teneste- og samordningskontoret.

Internkontrollgruppa i Helse og velferd har utført 13 internkontrollar. Dokumentasjon, legemiddelhandtering og saksbehandling er kontrollert. Avvik som vert avdekt vert arbeidd med i avdelingane.

I Teneste- og samordningskontoret arbeidar kreftkoordinator, systemkoordinator for Koordinerande eining (KE) og fem saksbehandlarar. Hausten 2022 vart funksjonen barnekoordinator etablert.

Det har vore ein auke i søknadar om helse- og omsorgstenester gjennom året, jamfør tabell 9.2.6. Stort trykk på tenestene og fleire komplekse saker krev mykje koordinering. Teneste- og samordningskontoret sikrar gode tverrfagleg tenester og effektive pasientforløp for innbyggjarane i kommunen.

Fleire pårørande som har ansvar for personar med demens eller annan kognitiv svikt, treng avlastning. Avlastningsopphald i institusjon bidreg til at pårørande held ut lenger i omsorgssituasjonen.

Fleire innbyggjarar søker om tenesta sporing og varslingsteknologi. På grunn av utfordringar med leveranse av GPS klokke har kommunen ikkje kunna levera tenesta til alle som har søkt.

Teneste- og samordningskontoret er sentrale i arbeidet med tildeling av bustadar. Det er særleg utfordrande å skaffa bustadar tilpassa innbyggjarar med rus og psykiske vanskar. Nokre er nå utan fast bustad.

Kommunepsykologen har arbeidd med utvikling av konsultasjonsteamet. Det er ei tverrfagleg ressursgruppe som innbyggjarar eller tilsette kan melda bekymring til og få drøfta sak dersom dei er urolige for at nokon er utsett for vald eller seksuelle overgrep.

### Institusjon

Institusjonstenesta består av to sjukeheimar, Bryneheimen og Sivdamheimen. Begge sjukeheimane har dagsenter for personar med demenssjukdom.


Ein konsekvens av at fleire innbyggjarar bur lenger i eigen heim er at dei som får opphald i institusjon har stort behov for helsehjelp. Det gir nye utfordringar med bemanninga og kompetansebehovet i institusjon. Fleire brukarar som har hatt vedtak om langtidsplass, har venta på plass i korttidsavdelinga. Dette har gitt auka inntekter i institusjon og forklarar kvifor verksemda er i økonomisk balanse. Utgiftene med eit meirforbruk på 3 millionar kroner, vert ført i avdeling rehabilitering som er organisert under heimetenester.

Det er etablert ein ny VTO plass (varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift ) i institusjon. Den tilsette i stillinga har som arbeidsoppgåver å vera tur- og besøksvenn. Dette er eit godt tilskot til innhaldet i tenesta.


Institusjonstenesta fekk tilskott frå Statsforvaltaren til klinisk ernæringsfysiolog. Det er eit mål å styrka ernæringsarbeidet og det vert arbeid med å finna midlar for å gjera denne stillinga fast.

Institusjonstenesta har motteke tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren til aktivitetar for eldre på institusjon. Det har vore arrangert konsertar og det har vorte kjøpt inn aktivitetsverktøy til demensavdelingane, som blant anna «robotkjæledyr».

Dagtilbodet “Inn på tunet” er styrka. Det har vore fire til seks innbyggjarar som har nytta dette tilbodet til ei kvar tid gjennom året.




Time kommune har høgare driftsutgifter per institusjonsplass. Dette må sjåast i forbindelse med at kommunen har lågare dekningsgrad i institusjon enn Klepp, Hå og Sandnes kommunar. Kostnaden per institusjonsplass har auka meir i Time enn dei andre kommunane frå 2021.



### Heimetenester og rehabilitering

Heimetenestene består av heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering/helsefremjande heimebesøk, praktisk bistand, omsorgsbustadar, korttids- og rehabiliteringsavdeling, dagsenter for eldre og fagarbeidar velferdsteknologi.

Alle avdelingar har hatt ei stor auke i talet på tenestemottakarar og vedtakstimar. Fleire innbyggjarar har hatt behov for tett oppfølging. Det har ført til ekstra innleie. Behovet for meir tilsette utfordrar kapasiteten på dagens lokale.



Time kommune har hatt nedgang i kostnader per mottakar frå 2021. Alle dei andre i samanlikninga har hatt auka kostnader per brukar. Dette har nok samanheng med den sterke veksten i talet på mottakarar frå 2021 til 2022 jamfør tabell 9.2.6.

Fleire innbyggjarar har venta på langtidsplass i korttidsavdelinga. Det har gitt auka inntekter til institusjonstenesta på 1,5 millionar kroner. I tala til heimetenestene ligg også tenesta omsorgslønn med eit meirforbruk på 1,1 millionar kroner.

Det er vanskar med rekruttering av sjukepleiarar og anna helsepersonell. Heimetenesta har deltatt i det nasjonale prosjektet *Jobbvinner* i regi av KS. Prosjektet har som mål å arbeida for å rekruttera og behalda sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i kommunehelsetenesta. Det er laga film om heimetenesta, og det er lagt plan for korleis sjukepleiarstudentar vert tekne i mot i praksis.

Det har vore ei evaluering av tenesta kvardagsrehabilitering. Alle tilsette, tillitsvalde og samarbeidspartnarar har vore involvert i evalueringa. Anbefalinga frå evalueringa er å sjå på nye kriterium for tenestetildeling, struktur og organisering.

Det har vore arbeid med å styrka ernæringsarbeidet og oppfølging av kjøkkenavtalen med Klepp kommune. Målsettinga er at bebuarane får fire fullverdige måltid per dag.

### **Miljøtenester**

Tenesta er for personar med fysisk og/eller psykisk funksjonsnedsetting. Tenesta inneheld heildøgnsomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk bistand og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistanse (BPA), avlastings- og barnebustad og oppfølging av heildøgnsstilbod frå eksterne leverandørar.

Miljøtenesta har gjort ei utgreiing av organisering og leiing av brukarstyrt personleg assistent ordningane (BPA) i kommunen. I dette arbeidet har både tilsette, leiarar og tillitsvalde delteke.

Arbeidet med å få på plass fritt brukarval i BPA og vidare vurderingar av organisering og leiing av BPA ordninga er under arbeid.

Det er arbeid med nytt foreldreinitiativ kombinert med kommunale bustadar på Svertingstad for ungdommar med behov for døgkontinuerlege tenester.

Vardheia bufellesskap har seks bustadar og ein personalbase. Ombygging og oppussing av bustadane og personalbasen er ferdigstilt.

Det vart arrangert pårørandemøte hausten 2022.

Miljøtenesta har starta opp med samarbeidsutval med deltaking frå brukarar, pårørande, politikarar og leiing. Det har vore to møte i år. Samarbeidsutvalet er ein viktig arena for tilbakemelding og drøfting av strategiske saker i verksemda. Handlingsplan for pårørande arbeid og gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming er saker som har vore til høyring.

Barne- og avlastningsbustaden har hatt tilsyn frå Statsforvaltaren. Dette tilsynet er ein del av eit landsomfattande tilsyn. Funn frå tilsynet og utarbeidd tiltaksplan for å lukka avvik vil verta lagt fram i eiga sak.

Miljøtenesta deltek i eit prosjekt i regi av Nasjonalt velferdsteknologi program (NVP). Prosjektet har som mål å finna løysingar for korleis teknologi kan gi unge med

funksjonsnedsettingar betre helse og eigenmeistring i kvardagen. Klepp kommune leier dette prosjektet og det er fleire kommunar i distriktet som deltek.

### **Psykisk helse og rusarbeid**

Tenesteeininga består av Meistringssenteret med lågterskeltilbod på Svendsenhuset, to døgnbemanna bufellesskap og oppfølging av heildøgnplassar som kommunen kjøper eksternt.

Den økonomiske situasjonen og mengda flyktningar som kjem til kommunen gjer utfordringar på bustadmarknaden. Det er nå innbyggjarar med rusvanskar utan fast bustad. Kommunen har vurdert fleire løysingar for brukargruppa. I 2022 har det vore ein auke i behov for tenester, spesielt for innbyggjarar med lettare og moderate psykiske vanskar.

Verksemda har fått tilskot i overgangsordning for opptrappingsplan for rusfeltet. Tre heile stillingar har vore knytt til dette. Ei av stillingane er på Svendsenhuset og driv med rekruttering av frivillige, er vegvisar for nye tenestemottakar og har kontakt ut i næringslivet for å få arbeidsoppdrag til tenestemottakarane.

Meistringssenteret har etablert «Tankevirus kurs» som er eit meistringskurs retta mot førebygging og behandling av lette og moderate psykiske plager. Kurser går over ein månad med tre samlingar.

Etablering av nytt bufellesskap i Vestbygget ved Bryneheimen har vorte utsett fleire gonger blant anna grunna tekniske forhold med bygget. Planen er at bufellesskapet skal stå ferdig i august 2023.

Det har vore arbeidd med utviding av personalbase og tre nye bustadar i Kolheia. Prosjektsøknad vil verta sendt til Husbanken i starten av 2023.

Det er gjennomført brukarundersøkingar i tenestene i år. Resultata vil vera klare i 2023.

### **Aktivitets- og servicetenester**

Her inngår tenestene sjåførar, frivilligsenter kafé og aktivitet, vaskeri og sysselsettingstiltak.

Vaskeriet er under ombygging, men ikkje ferdigstilt i 2022.

Time frivilligsenter kafé og aktivitet har hatt stor auke i besøkande. Aktivitetssenteret har hatt tilbod om bassengtrening, trimgrupper og fleire andre gruppeaktivitetar. Kaféen har vore open heile året. Det er godt sal av middag og anna mat. Det er varierte aktivitet og arrangement i frivilligsenteret. Det er ei god gruppe frivillige som bidreg inn i dei ulike aktivitetane. «Frivillighetens år» er markert med deltaking i sykkelturen 2022 “Meir aktivitet, meir glede” i samarbeid med andre frivilligsentralar.

Ved utgangen av året hadde ikkje Time kommune venteliste eller ledige plassar for varig tilrettelagt arbeid (VTA) ved Jæren Industri Partner. Det er eit godt samarbeid med Jæren Industri Partner og NAV.

Det er gjennomført brukarundersøkingar i tenestene i år. Resultata vil vera klar i 2023.

## **Samhandling**

Time kommune har i siste tertial av 2022 som i fjor nytta 57 % av tildelte liggedøgn ved Jæren øyeblikkeleg hjelp (JØH).

Kommunalsjef Helse og velferd er leiar for Fagleg samarbeidsutval som har ansvar for å fylla opp og prioritera i samhandlingssaker etter føringar frå Strategisk Samarbeidsutval i Helsefelleskapet Sør-Rogaland.

### **4.3.5 utfordringar framover**

- Kortare liggetid i sjukehus og meir oppfølging av behandling i kommunen
- Redusert dekningsgrad på institusjon fører til auka behov for tenester i omsorgsbustadar og i eigne heimar
- Auka behov for omsorgsbustadar med heildøgnbemanning for barn
- Dekka det aukande behovet for helse- og omsorgstenester grunna endringar i demografi
- Mangel på egna bustadar for innbyggjarar med rus og psykiske vanskar
- Sikra individuelle tilpassingar i tenestetilbodet til yngre personar med demens
- Mangel på omsorgsbustadar og institusjonsplassar for eldre
- Kompetanse og rekrutteringsutfordringar
- Redusera sjukefråvær
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent
- Redusera kostnader på omsorgstenester per innbyggjar

## 4.4 Samfunn

Tenesteområdet omfatta fram til september Administrasjon, Eigedom, Kultur, Samfunns- og landbruksforvaltning, Plan og utbygging og fram til juni var også Helse- og rehabilitering og Sosialtenester ein del av Samfunn.

Helse og rehabilitering og Sosialtenester er omtalt under Samfunn sidan midlane for 2022 er budsjetterte her.

Etter ein evalueringsprosess av organiseringa i Samfunn våren 2022, vart Samfunn omorganisert frå og med 01.09.22. Samfunn omfattar nå Administrasjon, Eigedom, Kultur, Kommunalteknikk og Plan og forvaltning. Samfunn har gått frå oppgåvebasert tilbake til fagområdebasert organisering.

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

### 4.4.1 Økonomi

Samfunn	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R) 2022
	Rekneskap 2022	m/endingar 2022	u/endingar 2022	Rekneskap 2021	
Administrasjon	3 043	3 794	3 752	4 013	751
Plan og utbygging	3 144	3 394	3 268	2 286	250
Samfunns- og landbruksforvaltning	5 308	6 755	6 480	5 372	1 447
Brannvern	14 374	14 516	14 516	14 016	142
Helse og rehabilitering	46 061	40 547	39 186	44 263	-5 514
Sosialtenester	34 734	33 004	28 999	26 997	-1 730
Kultur	26 952	24 555	23 167	27 590	-2 397
Eigedom	57 822	56 238	47 938	47 835	-1 584
Vegar og grøntanlegg	26 822	22 159	21 145	23 656	-4 663
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0
<b>Sum Samfunn</b>	<b>218 260</b>	<b>204 962</b>	<b>188 451</b>	<b>196 028</b>	<b>-13 298</b>

Tenesteområdet har eit meirforbruk på 13,3 millionar kroner. Det er særleg rekrutteringsproblem i legetenesta under Helse og rehabilitering, auka straumkostnadar og vintervedlikehald under Eigedom og auka kostnadar sosialtenester (NAV Klepp-Time) som har hatt meirforbruk. I tillegg har kinoen ikkje oppnådd budsjetterte inntekter. Årsakene er nærare omtalt under kapittel 4.4.4.

Vatn og avløp fekk eit samla meirforbruk på 7,4 millionar kroner. Renteutgiftene er 6,9 millionar kroner høgare enn budsjettert og straumkostnaden er 0,8 millionar høgare enn budsjettert. Det var budsjettert med ei avsetning til fond på 2 millionar kroner og enda med

bruk av fond på 5,4 millionar kroner. Etter dette resultatet er sjølvkostfondet for vatn negativt med 4,6 millionar kroner og for avløp positivt på 2,2 millionar kroner.

Renovasjonstenesta hadde mindreutgifter på 0,5 millionar kroner i forhold til budsjett. Det var budsjettert bruk av fond på 1,5 millionar kroner medan forbruket vart på 1 million kroner. Sjølvkostfondet er på 2,3 millionar kroner ved utgangen av året.

Meirbruket på sosiale tenester (NAV) kjem av tidlegare års feilfakturering frå Klepp kommune og høgare bemanning i sosialtenesta enn budsjettert.

#### 4.4.2 Rapportering om tiltak 2022

Tiltak	Merknadar	
<b>Beredskap og folkehelse</b>		
Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidlar folkehelse (Folkehelse)	U	
Starta arbeidet med revisjon av Folkehelseprofil for kommunen (Folkehelse)	U	
Følgja opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid (Folkehelse)	U	
Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga	D	Ikkje prioritert i 2022 fordi det vil verta gjennomført øving saman med andre kommunar og statsforvaltaren i forbindelse med "Øvelse Jøssing" i regi av Heimevernet i 2023.
Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemder som ikkje har fått opplæring	I	Ikkje prioritert på grunn av flyktning-situasjonen. Vil verta prioritert i 2023.
Revidera beredskapsplan for Time kommune	D	Igangsett haust 2022, forventast ferdig stilt 2023.
Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern	I	Utsett til 2023.
<b>Plan og utbygging</b>		
Få godkjent planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen (Folkehelse)	U	
Utarbeida gatebruksplan for Bryne (Folkehelse)	D	Forslag til gatebruksplan er utarbeida og vil verte vurdert saman med rullering av sentrumsplanen i 2023.
Revidera Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026	I	Utsett til 2023
Realisera bygge- og anleggsprosjekt som er eller vert sette i gang i 2022 i tråd med investeringsdelen i økonomiplanen	U	
Innføra eigedomsmodulen for å betra internkontrollsystemet for arealplanlegging	D	Framleis utfordringar
<b>Samfunns – og landbruksforvaltning (Plan og forvaltning frå 01.09.2022)</b>		
Utarbeida «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp	D	Forprosjekt for Roslandsåna pågår framleis, og dialogen med grunneigarane skal intensiverast. Målet er å finna ei løysing på flaum-/erosjonsproblematikken ved bruk av naturbaserte løysingar. Det vil krevja ytterlegare hydrologiske undersøkingar for å kunna detaljprosjektera endeleg løysing.  For resten av Orrevassdraget er det utført undersøkingar med mellom anna teljing av



Tiltak	Merknadar	
		fisk i bekkane. Rapport med forslag til tiltak vil verta motteke i løpet av våren 2023.
Følgja opp godkjent «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå	D	Time kommune har eit pågåande prosjekt med Hå kommune om moglege tiltak i Tverråna. Konsulentfirma har utarbeidd forslag, og vidare skal det søkast om pengar og gjennomførast tiltak med grunneigars godkjenning.
Saksbehandlingstida for byggesak er noko lengre i ein del saker. Geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lover og forskrifter	U	.
Gjennomføra brukarundersøking for byggesaksbehandlinga	D	Igangsett haust 2022, forventast ferdigstilt i første halvdel av 2023.
Gjennomføra brukarundersøking for landbruksforvaltninga	U	
Kommunedelplan for energi og klima	D	Planlagt godkjent i mars 2023
Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen (Folkehelse)	U	
Effektivisering i bruken av parkeringsautomatar	D	Talet på parkeringsautomatar er redusert frå 32 til 24. 11 av dei er oppdatert med 4G teknologi, og det står att å oppdatera dei 13 siste i 2022/23.
Oppfølging og opprydding i etablerte reinseparkar	D	Pågår. To pågåande prosjekt for opprydding av reinseparkar. Prioritert oppgåve hos Frivillige tiltak i landbruket for Time kommune. Vil fortsette i 2022 og 2023.
<b>Brannvern</b>		
Ny beredskapsanalyse og revidering av brannstasjonsstrukturen	D	
Endra selskapsavtalen slik at dagens folketal i dei ulike kommunane vert gjort gjeldande for kostnadsfordelinga for 2022	U	
<b>Helse-, sosial- og flyktingtenester</b>		
Gjennomføra brukarundersøking for kommunal og privat fysioterapiteneste	I	Vert gjennomført i 2023.
Gjennomføra brukarundersøking for ergoterapiteneste	I	Vert gjennomført i 2023.
Prosjektperioden for «Friskliv Ung» går ut 2021 og frå 2022 skal det implementerast i ordinær drift (Folkehelse)	U	
Delta i eit interkommunalt rehabiliteringstilbod til brukarar mellom 18 og 67 år med komplekse problemstillingar og omfattande funksjonsfall (IKART)	U	
Etablere eige brukarutval for NAV Klepp-Time	U	
Etablere og vidareutvikle tverrfaglege arbeidsmetodar for å støtta unge vaksne med samansette vanskar inn i arbeid eller utdanning (Folkehelse)	U	
Etablere aktivitetsplikt for å utvikle språket til unge som mottek sosialhjelp og har språk som ei av hovudutfordringane for å koma i arbeid eller utdanning.	U	
Evaluere organiseringa av arbeidet rundt fastlegeordninga, og eventuelt styrka	U	

Tiltak	Merknadar	
ressursane til å administrera denne.		
Barnetrygd skal ikkje lenger reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp. Delvis effekt i 2022 og full effekt i 2023 (Folkehelse)	U	
<b>Kultur</b>		
Gjera ferdig strategien for frivillig arbeid (Folkehelse)	U	
Gjennomføra brukarundersøkingar av kino, kulturhus og bibliotek	D	Brucarundersøking av bibliotek, <a href="#">ULE-021/23</a> . Kino og kulturhus vert utført i 2023 og 2024.
Revidera kulturminneplanen (2020-2022)	D	Vert ført vidare i 2023 og slutført i 2024.
<b>Eigedom, vegar og grøntanlegg</b>		
Halda fram med utskifting av eldre veglys til LED-lys, ENØK-tiltak	D	Det har ilt 2022 vorte bytta ut ca. 700 veglys. Resten, ca. 1000 stk. vil verta bytta ut i 2023.
Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg	U	
Ta i bruk miljøvennleg teknologi for vedlikehald av grøntområde	U	
Halda fram med tiltak og planar for oppgradering av kommunale leikeplassar (Folkehelse)	U	
Vurdera kvalitet og frekvens og sjå på moglegheitene for å ta i bruk robotteknologi innan reinhald som ledd i kostnadsreduksjon framover	D	Det har vore krevjande å rekruttera inn arbeidskraft til reinhald i 2022.
Gjennomføra nødvendige brannsikrings-tiltak etter tilsyn i kommunale bygg	U	
Vurdera leigesatsane for utleigebustadar i forhold til marknadsleiga for leigebustadar på Jæren	U	
<b>Vatn, avløp og renovasjon</b>		
Få alle resterande abonnentar over på vassmålar	D	Går føre seg kontinuerleg – om lag 2% står att.
Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnett	D	Går føre seg kontinuerleg. Eiga stilling frå 2023.
Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnett	D	Går føre seg kontinuerleg. Eiga stilling frå 2023.
Syta for førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne	D	Går føre seg kontinuerleg.
Auka kvaliteten på innhald i brun dunk for våtorganisk avfall ved å gjennomføra eit prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk	I	Det er ikkje gjennomført prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk i Time. IVAR IKS har sett ned ei arbeidsgruppe som skal avklara handtering av hageavfall når dette ikkje lengre kan leverast til anlegget på Grødaland. Gruppa består av representantar frå kommunane og IVAR. Time er representert i gruppa. Det er planlagt at forslag til løysing skal vera utarbeidd i 2023.
Auka henteordningsfrekvensen for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke	U	
<b>U</b> = Utført <b>D</b> = Delvis utført <b>I</b> = Ikkje utført		

Det er fleire tiltak som er delvis utførte, jamfør gul fargekode. Grunnen til dette er at fleire av tiltaka er omfattande og treng fleire år for å verta gjennomførde.

#### 4.4.3 Handtering av pandemien

Kommuneoverlegefunksjon var styrka ut august 2022.

Tenesteområdet hadde eit samla sjukefråvær på 7,5 % i 2022, mot 6,7 % i 2021.

Sjukefråværet varierer i dei ulike avdelingane. Det er særleg langtidsfråværet som har vore høgt. Det har vorte igangsett prosessar som kan bidra til å auka nærværet på einingar med høgt fråvær. Fleire avdelingar er relativt små, så eit eller fleire langtidsfråvær vil derfor gi store utslag.

#### 4.4.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

2022 har vore prega av høg aktivitet. Nedanfor er eit utval av politiske saker referert.

Kommunestyret vart i [KS-002/22](#) orientert om at Kommunedirektøren etter ei heilheitleg vurdering, etter uttale frå og dialog med Regionalt planforum, hadde kome fram til at det ville vera mest hensiktsmessig å gå vidare med ein områdereguleringsplanprosess for Kalberg-/Kvernaland-området.

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Time kommune 2022-2025 vart vedteken i [KS-004/22](#). Det er gjennomført 17 analysar fordelte på områda ulykker, naturgitte hendingar og tilsikta hendingar.

Kommunestyret vedtok i [KS-006/22](#) at Time kommune inngår vertskommunesamarbeid med Hå og Klepp kommunar om legevakt på Jæren.

Revidert budsjett for Bryne storhall etter anbod, vart godkjent i [KS-033/22](#). Kontrakten med entreprenøren Skanska vart signert i oktober. Arbeidet med å reisa hallen starta opp seinhausten. Byggetida er cirka eitt år.

Frivilligstrategi for Time kommune 2022-2025 vart godkjent i [KS-040/22](#). Denne skal representera Time kommune sin frivilligheitspolitikk og beskriv kommunen sine målsettingar og tiltak for samhandling og samspel med frivillig sektor.

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedtatt i [KS-055/22](#). Det er vedteke fire satsingsområde. Desse går på tvers av tenesteområda og viser at kommunen må «dra lasset saman» for å møte utfordringane kommunen står overfor. Samfunnsdelen inneheld også ein arealstrategi som fastsett kommunen sitt jordvernmål.

Kommunestyret vedtok i [KS-072/22](#) samarbeidsavtalar med Time musikkråd og Time idrettsråd. Avtalane formaliserer samarbeidet mellom kommunen og råda, og gjer råda til høyringsorgan i saker som vedkjem dei.

Det er framleis utfordringar i rekruttering til fastlegeordninga. I 2021 og 2022 har det vorte arbeidd med plan for legetenesta i Time. Planen vart vedteken i [KS-sak 086/22](#).

Med bakgrunn i vedtak i sak [AMU-025/18](#), vart det våren 2022 gjennomført ei evaluering av organisasjonsstrukturen i Samfunn frå 2018. Tilbakemeldingane var at tilsette sakna tydeleg kommunikasjon, oversikt over organisasjonen, ei leiing som er til stades, auka rolleklarheit og klare grenser. Arbeidet med oppfølging av tilbakemeldingane starta seinhausten 2022.

## **Kompetanseheving, opplæring og praksis**

Det er utfordrande å samla alle tenestene i samfunn om ein felles kompetanse- og opplæringsplan grunna store ulikheiter i driftsområde og fag. Kvar tenesteeining har oversikt over eigne kompetansebehov og opplæring. Kommunen sine internkurs og opplæring i felles system vert nytta når det er hensiktsmessig.

## **Digitalisering**

Tenesteeiningane i Samfunn har ulike behov for digitalisering og nyttar ulike fagsystem. Det er gjort mykje for å gjera tenester og tilbod tilgjengelege for innbyggjarar.

## **Beredskap og folkehelse**

Dei inngripande tiltaka som vart innførte i forbindelse med julehøgtida i 2021 vart avløyst av at Russland gjekk til invasjon av Ukraina i slutten. Denne markante endringa i den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa har ført til auka fokus på beredskap i heile samfunnet. Kommunen har motteke forsyning av jod til innbyggjarar i skulealder og distribuert denne til skulane med instruksjonar i tilfelle det skulle verta anbefaling om bruk. Det har vorte auka fokus på beredskap ved institusjonar med omsyn til forsyning av naudvatn og liknande. I tillegg har høge straumprisar og ein tørr vår og sommar ført til auka fokus på energitryggleik, og kommunen har i forbindelse med dette utarbeida ei liste med prioriterte aktørar for straumleveranse ved eventuell rasjonering av straum. Kommunen har også auka innsatsen knytt til informasjonstryggleik og sett i verk tiltak for å hindra hacking av IKT-system.

Kommunedirektøren har ved fleire høve samla beredskapsleiinga for møte knytt til flyktningsituasjonen som oppstod som ein konsekvens av krigen i Ukraina. Umiddelbart handla møta om å rigga tenesteapparatet for å ta i mot 165 flyktingar i staden for 30 som var det opphavelige vedtaket i kommunestyret. Sidan har det vore møte for å handtera andre utfordringar som har oppstått i forbindelse med flyktningsituasjonen, som for eksempel prisauke på bustadar i den private leigemarknaden.

Kommunen har sett i gang arbeidet med revidering av beredskapsplanen i haust etter at heilskapleg ROS-analyse vart vedteken av kommunestyret i februar. Dette arbeidet pågår framleis og vil verta ferdigstilt i løpet av 2023.

Time kommune Folkehelseprofil (2018-2021) er utgått, og arbeidet med ny folkehelsestrategi vart sett i gang hausten 2022, og den er forventa ferdigstilt i 2023. Folkehelseprofil for Time kommune 2018-2021 gjeld fram til ny folkehelsestrategi vert vedteken.

Det tok lenger tid enn planlagt å få på plass ein samarbeidsavtale med ein forskingsinstitusjon for prosjektet «Trygge foreldre». Derfor vart midla som var bevilga til dette i 2021 overførte til tiltak i 2022, og brukt til opprinneleg prosjekt.

Kommunen kjøper brannverntenestene i Rogaland brann og redning IKS.

## **Plan og utbygging**

Samla sett har avdelinga eit mindreforbruk på 0,3 millionar kroner. Årsaka er ein kombinasjon av auka inntekter, vakans og refundsjon sjukelønn. Gebyrinntektene varierer

med mengde saker, type tiltak og fastsette gebyrsatsar. Kommentaranane her må sjåast i samanheng med kommentaranane under Samfunns- og landbruksforvaltninga på grunn av organisasjonsendringa i løpet av 2022.

I 2022 vart det lagt fram seks private og kommunale forslag til detalj- og områdereguleringar til førstegongsbehandling. Sju område- og detaljreguleringsplanar er lagt fram til andre gongs behandling og godkjenning i kommunestyret.

Oppfølging av områdeplan for Kalberg/Kverneland krev framleis stor ressursbruk.

Planlagde utbyggingsprosjekt går føre seg i samsvar med gjeldande økonomiplan, jamfør kapittel 6.

### **Samfunns- og landbruksforvaltning (Plan og forvaltning frå 01.09.2022)**

Samfunns- og landbruksforvaltning/Plan og forvaltning ivaretek lovpålagte oppgåver/ mynde og forvaltning knytt til lovar og reglar på områda plan, byggesak, geodata, kart og oppmåling, landbruk og klima/miljøvern. Frå 01.09.2022 vart tenestene veg, vatn, avløp, overvatn og renovasjon organisert som eiga faggruppe i verksemdseininga Kommunalteknikk, mens faggruppe plan vart flytta til Plan og forvaltning.

Tenesta har eit mindreforbruk på 1,4 millionar kroner. Årsaka er meirinntekter frå gebyr, vakansar og refusjon sjukepengar.

Byggesak ferdigstilte om lag 245 bygge- og delingssaker i 2022, inklusive fleire utfordrande ulovlegheits-, dispensasjons- og tilsynssaker. Dei fleste sakene gjeld mindre tiltak som gir lågare gebyrinntekter. I tillegg kjem igangsetjingsløyve, ferdigattestar, mellombels bruksløyve og eit stort antal andre førespurnadar.

Geodata gjennomførte 48 oppmålingsforretningar, 8 seksjoneringar og 149 nye adresseringar. Drifta har vore god med forholdsvis høg aktivitet.

Å rekruttera og behalda kompetanse er avgjerande for å kunna levera gode tenester til rett tid. Tilgangen på kvalifiserte søkarar til ledige stillingar er tilfredsstillande. Tenesteproduksjonen i driftseiningane er sårbar ved lengre fråvær.

### **Kultur**

Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 2,4 millionar kroner, som skuldast i hovudsak sviktande inntekter for kinoen.

#### ***Bibliotek***

Time bibliotek hadde 75 000 besøkande i 2022, om lag det same som året før (talet på besøkande inkluderer Garborgsenteret og kaféen). Besøket i normalåret 2019 var til samanlikning 90 000.

Samla utlån var på om lag 100 000, som er ein liten auke frå dei føregåande åra. Utlånet av e-bøker har auka kraftig dei siste åra, men dette utgjer framleis ein liten del av det samla utlånet.

Det vart halde 286 arrangement i 2022, som er ein auke på 34 % frå året før. Auken skuldast gjenopninga av samfunnet etter pandemien.

Garborgdagar 2022 vart arrangert i januar, med eit noko avgrensa program på grunn av koronarestriksjonar.

Jæren Industripartner AS overtok drifta av kafeen i 2022.

### *Kino og kulturhus*

Besøket på Bryne kino var i 2022 på om lag 72 000, ein framgang på 41 prosent målt mot året før. Besøket i normalåret 2019 var på drygt 89 000.

Storstova og Bryne Mølle hadde i 2022 eit samla besøk på om lag 22 000, ein framgang på nærmare 50 % frå året før. Med dette var besøket tilbake til same nivå som i normalåret 2019. Det kom på plass nye takplater for å betra akustikken i kafeen i mølla, og det vart sett i gang arbeid med nytt kunstlager i 4. etasje.

Det vart lagt fram saker til politisk behandling om den kommersielle drifta av kinoen og kulturhuset ([KS-092/22](#)), og om restetorg for billetter til kulturhuset ([KS-050/22](#)). Dette var saker som var bestilt av kommunestyret.

Livsgledefestivalen vart gjennomført i mars.

### *Fritid*

Ungdomshuset Møllekjellaren hadde om lag 11 000 besøkande i 2022, ein auke på 15 prosent frå året før. Besøket i normalåret 2019 var på om lag 15 500. Også dei andre kommunale ungdomstilboda hadde høgare besøk i 2022 enn året før.

«Alle med»-prosjektet vart vidareført og gir framleis svært gode resultat når det gjeld integrering av nye barn og unge i ulike fritidsaktivitetar i kommunen. I 2022 vart 160 nye barn og unge inkluderte i ulike fritidsaktivitetar.

Aktivitetstilbodet «SommarTime», med eit mangfald av aktivitetar for om lag 2500 barn og unge vart gjennomført sommaren 2022. I tillegg var det fleire ferieaktivitetar for barn og unge i både vinterferien og haustferien. Aktivitetsprogramma vart gjennomført i samarbeid med ei rekke frivillige organisasjonar og kulturverksemder. Både Møllekjellaren og Sivadambassenget var opne delar av sommaren.

Det vart arbeidd vidare med lokalisering av ny dagsturhytte i Time.

2022 var «Frivillighetens år», og i juni vedtok kommunestyret «Frivilligstrategi 2022-2030 for Time kommune».

Kontaktkonferansen for lag og organisasjonar vart gjennomført i mars med om lag 30 eksterne deltakarar.

### *Kulturvern*

Museumsanlegga vert drivne i samarbeid med Jærmuseet og frivillige organisasjonar og personar. Aktiviteten tok seg opp i 2022 etter to år med pandemirestriksjonar.

Arbeidet med å revidera kommunen sin kulturminneplan heldt fram i 2022.

## **Helse og rehabilitering**

Verksemda vart flytta frå tenesteområdet Samfunn til tenesteområdet Helse og velferd 1. juni. Prosessen knytt til denne organisasjonsendringa vil verta evaluert i starten av 2023. Tilsette,

leiarar og tillitsvalde skal delta i evalueringa. Området er budsjettert under Samfunn og vert derfor rapportert her.


Verksemda består av Fastlegetenesta, Fysio -og ergoterapiavdelinga, Friskliv og Kvernaland legesenter. I løpet av året har ein tilsett i kvar avdeling fått ansvar som fagansvarleg.

Helse og rehabilitering med legetenesta har eit meirforbruk på 4,3 millionar kroner. Det er knytt til vanskar med å skaffa fastlegar i ledige heimlar i næringsdrift på dei private legekontora. Kommunen har derfor måtta tilsette to fastlegar i kommunale midlertidige stillingar på Sandtangen legesenter.

Det vart oppretta ein ny fastlegeheimel ved Bryne legesenter i september. Her vart det rekruttert ein ny lege som skal driva som sjølvstendig næringsdrivande. Då fastlegen starta opp vart det opna for 800 nye pasientar på lista til legen og lista vart fylt opp i løpet av ein måned

Plan for legetenesta 2023–2030 har vorte utarbeidd og vart lagt fram til politisk godkjenning i november, jf. [KS-086/22](#).

Frisklivsentralen har fått auka bemanning. Avdelinga har nå to tilsette i 100 % stilling. Det er auka opp med kapasitet til individuell oppfølging av innbyggjarar og avdelinga har fått auka kompetanse på ernæring.



Fysio- og ergoterapitenesta har prioritert å auka opp tidsbruken på korttids- og rehabiliteringsavdelinga på Sivdamheimen. Dette er knytt til auka behov for tenester til innbyggjarar som skal ha vidare behandling etter sjukehusopphald. Avdelinga har hatt fysioterapeut i turnusteneste som har bidratt inn i dette arbeidet.

Avdelinga har ei 50 % prosjektstilling i samarbeid med Helsestasjonen som er knytt til prosjektet “ Laget rundt lærer og elev”. Prosjektet har midlar ut 2023.

Vertskommuneavtalen om interkommunalt samarbeid om IKART gjekk ut ved årskiftet. Tilskotsmidlane til prosjektet vert også fasa ut då. Forslag til ny vertskommuneavtale med Stavanger kommune vil verta lagt fram i eiga sak i starten av 2023. Midlar til vidareføring av vertskommuneavtalen i ordinær drift er tatt inn økonomiplanen frå 01.01.2023.



Det er oppretta og tildelt driftstilskott til ein fysioterapeut i 50 % stilling ved Kvernaland fysioterapi.

Det vart 01.06.22 oppretta ny legevakt på Jæren med lokalisering på Bekkeheien i Hå og på Klepp, jf. [KS-006/22](#). Oppstarten har vore noko utfordrande økonomisk, og det vil i 2023 kome ei eiga sak om legevakta.

### Sosialtenester

Tenesteområdet består av NAV Klepp-Time, kommunalt sysselsettingstiltak og tilskott til interkommunalt krisesenter. NAV Klepp-Time er frå 01.06.2022 overført til Helse og velferd. Budsjettet ligg under Samfunn ut 2022 og vert derfor rapportert her.

Det har i 2022 vore ein betydeleg auke i talet på sosialhjelpsmottakarar. Dette kjem først fremst av stort flyktningmottak. Utbetalingar til flyktningar er auka frå 2,9 millionar kroner i 2021 til 7,2 millionar kroner i 2022. Trass i høge straumprisar og høg inflasjon har ikkje sosialhjelpsutbetalingane utanom til flyktningar, auka. Dette har nok samanheng med høg sysselsetting og mange i jobb med gode inntekter.



Utgiftene til sosialtenesta (NAV Klepp-Time) er auka med 3 millionar kroner frå i 2021. Dette heng delvis saman med feilfakturering frå Klepp i tidlegare år og fleire årsverk i tenesta enn det som var føresett. Endeleg oppgjer med Klepp for 2022 er framleis til vurdering og endeleg konklusjon på meirkostnaden kjem i 2023.






Utgiftene til sosialhjelp og kvalifiseringsordninga er 1,4 millionar kroner under budsjett og dekker dermed delar av ekstrakostnaden til administrasjon.

## Eigedom

Tenesteeininga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og reinhald av kommunale bygg og frå 01.09. også prosjektleiing/utbygging. Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 1,5 millionar kroner. Dette på trass av eit meirforbruk på energi på om lag 3,6 millionar kroner og høgare prisstigning enn budsjettet i 2022. Reinhaldsavdelinga hadde eit mindreforbruk på om lag 1,9 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak noko mindre aktivitet i kulturbygg, idrettshallar, samt innsparingstiltak og ein del sjukdom der det ikkje vart sett inn vikar fordi det har vore krevjande å rekruttera reinhaldarar. Det er også halde ei stilling vakant i Byggdrift i påvente av avklaringar i forhold til sjukdom.

Byggdrift får utført ein del vedlikehald på kommunale bygg og bustadar, men det er eit aukande etterslep av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen og spesielt på den eldre bustadmassen.





### **Vegar og grøntanlegg**

Tenesta omfattar drift av vegar, parkering, gatelys, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar og kyrkjegardsdrift. Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 4,6 millionar kroner:

Veg	-3,0 mill.
Parkering	-0,45 mill.
Gatelys	-0,6 mill.
Kyrkjegardar	-0,7 mill.

Veg går med eit større meirforbruk knytt til vintervedlikehald i år som tidlegare år. Det er sett av 1,9 millionar til vintervedlikehald i budsjettet og summen for 2022 er 1,6 millionar høgare enn det – totalt 3,5 millionar.

Drift av bilar og maskinar vert stadig dyrare grunna høgare drivstoffprisar og ein aldrande maskinpark. Meirforbruk på drift av bilar og maskinar er på 0,4 millionar for alle desse tenestene.

Leige av isbanen er både for vinteren 2021/2022 og 2022/2023 ført i 2022 med kr 825 000.

Området hadde eit samla meirforbruk på straum på 0,6 millionar etter at ein er kompensert med 0,75 millionar. Det ser ut som kommunen er fakturert for meir gatelys enn det som høyrer kommunen til. Dette vert det jobba saman med Lyse for å korrigera.

Stadig fleire vel kremasjon, for 2022 utgjorde dette 140 000 kroner i avgifter som er belasta drift av kyrkjegardane. Kostnadar per kremasjon er 5 300 kroner.

Utsifting av gammal gatelysarmatur vil verta fullført i 2023 og reduserer energiforbruket.

Talet på leikeplassar og friområde aukar framleis. Det er krevjande å møte stadig høgare krav frå publikum, både i forhold til standard og skjøtsel.

### **Vatn, avløp og renovasjon**

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon viser ikkje sluttresultatet for 2022. Sjå elles kommentarar på økonomi under innleiinga til Samfunn.

## *Vatn*

Ved årsskiftet har om lag 98 % (200 abonnentar utan vassmålar) av abonnentane installert vassmålar og om lag 60 % har installert tilbakeslagssikring.

I 2022 har det vore eit tap i nettet på om lag 33,5%, opp frå 31% i 2021. Tapet i 2020 var på grunn av store lekkasjar på 41 %. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet. Sanering av gammalt leidningsnett er den mest effektive metoden for å redusere lekkasjar. Kostnaden til vasslekkasjar for abonnentane i Time var 1,65 millionar i 2022.

## *Avløp*

Det er registrert 24,2 % meir avløpsvatn til reinsing enn den mengda vatn som vert kjøpt. Dette er meir enn i 2021, men mindre enn dei 32,5 % i 2020. Det vart i 2022 funne ti tilfelle av feilkoplingar som er retta opp, og som dermed har resultert i mindre overvatn til reinsing.

Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder, noko som betyr at det framleis går ein god del overflatevatn til reinsing. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera dette. Det er oppretta eiga stilling som skal arbeida kontinuerleg med lekkasjesøk med tilsetning våren 2023.

## *Renovasjon*

2022 har vore eit særskilt år i forhold til renovasjon på grunn av brannen i sorteringsanlegget på Forus. Det vert derfor vanskeleg å gjere samanlikningar opp mot tidlegare år. Time kommune har starta innsamling av plastavfall ved årskiftet 2022/2023 og vurderer saman med IVAR og andre kommunar ulike løysingar for innsamling av hageavfall som ikkje lenger kan leverast til Grødalaland.

### **4.4.5 Utfordringar framover**

Det er generelt sett høge forventningar til standarden på dei kommunale vegane, parkane, friområda, idrettsanlegga og kyrkjegardane. Det same gjeld for mest mogleg miljøvennleg skjøtsel av områda. Med dei store utbyggingane som har funne stad dei siste ti åra, har kommunen store utfordringar med å imøtekoma forventningar i høve til kva ressursar som er avsette i budsjettet. Investeringane framover er framleis høge, så desse utfordringane må få auka merksemd i åra framover.

Det er eit aukande etterslep av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen og spesielt på den eldre bustadmassen. Dette bør ha fokus i framtidig økonomiplanarbeid.

Samfunn har i tillegg følgande utfordringar framover:

- Revidera Kommunedelplanen for Bryne sentrum, primært føresegnene må justerast i forbindelse med kommuneplanen sin nye arealdel, vedtaket i «Fjellhallsaka» med meir
- Slutføra revisjonen av Kulturminneplanen
- Slutføra revisjonen av Klima- og miljøplanen
- Følga opp tiltaksplanarbeidet i Håvassdraget saman med Hå, og utarbeida tiltaksplan for Orrevassdraget saman med Klepp
- Få avklart mogleg felles interkommunal løysing for kommunane i Sør-Rogaland for skogbruks- og viltforvaltninga
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet

- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast og sikra at meir av dette går i overvassnettet
- Auka behov for utbygging av formålsbygg

## 4.5 Stabstenester

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles administrasjons- og stabsfunksjonar som omfattar heile kommunen. Dette gjeld politisk sekretariat, dokumentsender, innbyggarservice og kommunikasjon, kommuneadvokaten, digitalisering og utvikling, økonomi og rekneskap og lønn og personal. Tilskotet til Time kyrkjelege fellesråd vert også ført her.

### 4.5.1 Økonomi

Stabstenester	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R) 2022
	Rekneskap 2022	m/endingar 2022	u/endingar 2022	Rekneskap 2021	
Politiske organ	7 880	8 344	7 568	8 148	464
Administrasjon	53 323	50 871	49 419	46 203	-2 452
Næring	832	947	885	1 494	115
Trussamfunn	8 969	8 963	8 833	8 590	-6
Diverse fellesutgifter	4 631	5 399	5 560	4 774	768
<b>Sum stabstenester</b>	<b>75 636</b>	<b>74 524</b>	<b>72 265</b>	<b>69 209</b>	<b>-1 112</b>

Stabane har eit netto meirforbruk på 1,1 millionar kroner. Meirforbruket på administrasjon skuldast større bruk av overtid grunna sjukefråvær og vakansar og feilbudsjetterte kontingentar og lisensar. Det er brukt mindre på etableringstilskot under «Diverse fellesutgifter». Det er derfor nytta 0,6 millionar kroner mindre enn budsjettert og tillegg er det innfridde tilskotsmidlar på 1 million kroner i 2022. Desse midlane er avsette til bunde fond.

### 4.5.2 Rapportering om tiltak 2022

Tiltak	Merknadar
Næring	
Delta i lokale og regionale næringsprosjekt	U
Ha god dialog med eksisterande og potensielt nye næringsaktørar i kommunen	U
Politikk	
Legga formannskapssalen til rette for direktesending av møte	U
Folkevaltopplæring	U
Administrasjon	
E-signering i fleire system	U
Auka sikkerheitsnivået på fagsystema	U
Digitalisera interne papirskjema og redusera behovet for print.	U

Tiltak	Merknadar
Erstatta dagen intranett med ny plattform	U
Forenkla fakturadistribusjon både for innbyggjarar og kommunen	U
Effektivisera administrativ fakturaflyt	U
Time kyrkjelege fellestråd	
Styrka leiging og drift i Frøyland-Orstad sokn	U
<b>U</b> = Utført <b>D</b> = Delvis utført <b>I</b> = Ikkje utført	

#### 4.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for stabstenester

##### Politisk organ


Dei politiske organa i kommunen består av kommunestyre, formannskap, utval for levekår, utval for lokal utvikling, administrasjonsutval, ungdomsråd og senior- og brukarråd.

I 2022 er det tilrettelagt for permanent streaming av møte i formannskapet og utvala. Målet er at det skal vera enkelt å følgja behandlinga av politiske saker, både direkte og i opptak, slik at alle som ønsker kan få dette med seg.

Kommunestyresalen har vorte ombygd i løpet av året. Hensikta var å gjera salen meir funksjonell både tanke på lyd, bilde, streaming og universell utforming.

Det vart gjennomført éin folkevaldopplæringsdag i løpet av året.

##### Administrasjon



Time har låge administrasjonskostnader. Kostnadane ligg betydeleg under Kostra-gruppe 7 og landet utanom Oslo.

### *Innbyggarservice og kommunikasjon*

Innbyggarservice og kommunikasjon er kommunen si førstelinje for innbyggjarar som ønsker kontakt med kommunen. Avdelinga tok i mot om lag 26 000 telefonar via sentralbordet og det var 995 495 treff på nettsida til kommunen i 2022.

I løpet av 2022 runda Time over 6 000 følgjarar på facebookside. Dette er ein viktig kanal for å gi informasjon til innbyggjarane. Ved å bruka enkelt språk, og humor der det passar, vert kommunal informasjon tilgjengeleg for mange. I 2022 laga avdelinga også fleire små filmsnuttar om alt frå økonomiplan til rekruttering av sjukepleiarar.

Avdelinga har fokus på kontinuerleg utvikling gjennom å testa ut nye kanalar og løysingar, slik at ein når målet om å utvikla Innbyggarservice med digitalt førsteval som mål. Samtidig har ein fokus på at Innbyggarservice skal gi god service til innbyggjarar som har vanskar med det digitale.

### *Dokumententer*

I 2022 nådde kommunen målet om at alle arkiv skal vera digitale når elev- og barnemapper vart digitalisert.

Avdelinga har starta arbeidet med ein bevarings, og kassasjonsplan for all dokumentasjon i kommunen.

Ein av dei tilsette fullførte personvernstudiet, slik at nå har to av tre vidareutdanning i personvern.

### *Kommuneadvokaten*

Kommuneadvokaten sitt arbeid kan for året 2022 fordelast på følgjande hovudoppdrag: rundt 35 % av kapasiteten går til barnevernssaker av ulik kompleksitet, 15 % til arbeidsrettslege problemstillingar og 10 % til hjelp i plan- og byggesaker. Resterande 30 % utgjer alkoholsaker, erstatningsrett, klagesaker, delegeringsreglement, eigedomsskatt og andre saker frå kommunen sine ulike tenesteområde.

Frå 19. april 2022 har Time hatt eit samarbeid med Hå og Gjesdal kommunar, som inneber at advokatane i dei tre kommunane har hatt kontorfellesskap på Time rådhus om lag tre dagar i veka og kan ta saker for kvarandre. Samarbeidet har vore vellukka, og det er treft kommunestyrevedtak i alle dei tre kommunane om oppretting av Jæren kommuneadvokat KO. Oppgåvefellesskapet trer i kraft 1. mai 2023.

### *Digitalisering og utvikling*

Det var i 2022 stort fokus på digitaliseringsarbeid i heile kommuneorganisasjonen. Dette synleggjorde behov for kompetanseheving blant dei tilsette. E-læring og innføring av eit nytt kompetansesystem vil vera sentralt for å koma i mål med dette.

Det største prosjektet for stabsområdet i 2022 var å flytta Visma Enterprise (personal- og økonomisystem) ut i skya. Endringa har gitt større moglegheiter til automatisering av fleire manuelle prosessar.

I 2022 var sikkerheitsarbeidet høgt prioritert. Eksterne sikkerheitsleverandørar har testa sikkerheita vår og kommunen har fått eit godt grunnlag for vidareutvikling.

Ny telefoniavtale vart inngått med Telia som ny leverandør.

### *Personal og lønn*

Leiarstøtte er ei prioritert oppgåve for HR- og lønnskonsulentane. Det er i 2022 oppretta tre team: HR-team Oppvekst, HR-team Samfunn og HR-team Helse og velferd. Her får tenestemråda eit fast team og målet er å forbetra støttefunksjonen ut mot leiarar i kommunen i personaladministrative oppgåver.

Lønn- og personaladministrasjonsarbeidet vert gjort i hovudsak av konsulentar/leiarar med hjelp av Visma HRM. I november gjekk Time kommune over til Visma Enterprise Plus, ei skybasert teneste. Avdelinga har gjennom mange år vore pilot for Visma i lønn- og personalarbeid. I dette samarbeidet har konsulentane fått auka sin kompetanse og fått spennande utfordringar innan digitalisering av lønns- og personaladministrasjon.

### *Økonomi og rekneskap*

Økonomiavdelinga gir opplæring, rettleiing og anna hjelp til både nye og røynde leiarar i deira økonomistyring.

I mange år har stabane hatt avtale om pilotering og testing saman med leverandør av økonomi-/lønns- og personalsystem. Dette har sikra digital framdrift og utvikling og avtalen sikrar tilgang til nye digitale løysingar. Seinhaustes vart økonomisystema oppgraderte til frå lokal løysing til skyløysingar. Overgangen har gitt ein god del ekstraarbeid då alt ikkje fungerte som det skulle.

Aktiviteten i avdelinga kjem dels frå behandlinga av om lag 64 700 inn- og utgåande fakturaer, sjå kapittel 9.4.1. Digitaliseringsarbeidet som har føregått i avdelinga over mange år har hatt stor effekt her.

Økonomiavdelinga bruker i liten grad inkassoselskap for å krevja inn uteståande krav. I 2022 hadde økonomiavdelinga om lag 1000 saker som ikkje vart betalte etter purring. Mange av desse sakene er arbeidskrevjande.

Kommunen lånte ut 24,3 millionar kroner i startlån og vidareformidla 0,9 millionar kroner i tilskot til etablering og tilpassing av bustad.

Kommunen har ved utgangen av 2022 samla utlån av startlån på 257,1 millionar kroner.

### **Kyrkja**

Time kyrkjelege fellesråd har fått tilskot og tenester for 9 millionar kroner i 2022. I tillegg er det under eigedomsforvaltning i samfunn utbetalt 0,7 millionar kroner i husleigedekning, straum og tenesteyting.

### **Generelt**

Sjukefråværet i stabstenestene var i 2022 på 3,5 % mot 2,9 % i 2021.

#### **4.5.5 Utfordringar framover**

Stabane jobbar for å leggja til rette for leiarar og tilsette slik at dei best mogleg kan utføra sine administrative oppgåver. Utfordringane framover vert å betra dei eksisterande rutine og prosessane.



# 5 Kommunen som arbeidsgjevar

## 5.1 Rapportering om tiltak 2022


Tiltak	Merknadar
Implementera KS læring	U
Utvikla leiarprogram	U
Starta arbeid med ny arbeidsgjevarstrategi	U
Implementera handbok for informasjonssikkerheit og personvern	U
Implementera heiltidserklæringa for heile kommunen	U
Auka talet på lærlingar	U
Utarbeida reglar for fleksible arbeidstidsordningar, som for eksempel heimekontor	D Reglar for heimekontor er vedtatt. Reglane om fleksitid vert vedtekne i 2023
Heva kompetansen på tilsetting	U

U = Utført   
 D = Delvis utført   
 I = Ikkje utført

## 5.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

### Tilsette i kommunen

	2022	
	Budsjetterte årsverk	Tilsette I faste stillingar
Oppvekst	619	702
Helse og velferd	435	599
Samfunn	155	206
Stabtenester	52	54
<b>Sum</b>	<b>1261</b>	<b>1561</b>



## Seniorpolitikk og pensjon

Seniortiltak er innført for å behalda tilsette og redusera uttak av AFP. Når det gjeld uttak av AFP for medlemmane i KLP så er uttaket på om lag 88 % av landsgjennomsnittet. Auken i uttaket av AFP for 62-64 år skuldast i stor grad fleire i aldersgruppa.

Uføredelen per årsverk i Time ligg under landsgjennomsnittet for KLP-kommunar. I fellesordninga er landsgjennomsnittet 9,3% og for sjukepleiarar er landsgjennomsnittet 6,11%

Seniorar per 31.12	Tilsette aktive		Senioravtale		AFP 1)	
	2021	2022	2021	2022	2021	2022
62-64 år	63	68	21	11	17	16
65-66 år	17	16	9	3	18	6
67 år og over	10	5				
<b>Sum</b>	<b>90</b>	<b>89</b>	<b>30</b>	<b>14</b>	<b>35</b>	<b>22</b>

1) Inkluderer heil/delvis AFP og SPK.

Pensjon	2019	2020	2021	2022
Aktive medlemmar i KLP og Statens pensjonskasse	1818	1891	1988	2110
Personar med heil/delvis AFP	27	26	35	38
Personar med heil/delvis uførepensjon 1)	110	138	142	145
Gjennomsnittleg uføredel per årsverk % , KLP fellesordning	7,5	7,4	7,3	7,0
Gjennomsnittleg uføredel per årsverk % , KLP sjukepleier	6,0	5,1	4,6	5,8

1) Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon og eksklusive oppsette rettar


## Heiltid

Heiltidsstrategi for Time kommune vart vedteke i september 2022. Strategien erstattar tidlegare heiltidsstrategi for Omsorg. Å skapa ein heiltidskultur er ei av dei viktigaste satsingane framover for å sikra gode tenester til brukarane. Dette gjeld spesielt i Helse og velferd. Det er sett i gang fleire tiltak, mellom anna testing av årsturnus, slå saman ledige stillingar, jobba på tvers av kommunalområda osv. Tabellen nedanfor viser ei positiv utvikling for Helse og velferd.

	% med 100 % stillingar		Gjn.snittleg stillingsprosent	
	2021	2022	2021	2022
<b>STABTENESTER</b>	82,0 %	81,5 %	92,9 %	92,0 %
<b>OPPVEKST</b>	69,4 %	70,5 %	90,3 %	90,4 %
<b>HELSE OG VELFERD</b>	33,3 %	36,1 %	66,7 %	68,1 %
<b>SAMFUNN</b>	60,1 %	57,3 %	78,0 %	76,3 %
<b>TIME</b>	54,6 %	55,9 %	79,6 %	80,9 %

## Likestilling, mangfald og likebehandling

Time kommune er ein stor arbeidsgjevar og har som mål å vera ein attraktiv og inkluderande arbeidsgjevar, som speglar mangfaldet i samfunnet.



Kommunesektoren i Norge har ei skeivfordeling mellom kjønn, og Time kommune er ingen unntak. I alle utlysingar oppfordrar kommunen alle kvalifiserte søkarar til å søka uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet. Det har dei seinare åra òg vore spesielt fokus på å rekruttera fleire menn til yrke innan Oppvekst og Helse og velferd.

Leiarar per 31.12	2020		2021		2022	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kommunedirektøren si leiargruppe	33 %	67 %	43 %	57 %	38 %	62 %
Andre leiarar	75 %	25 %	74 %	24 %	72 %	28 %
Totalt tal på leiarar	54	18	72	26	67	30
Prosent leiarar/årsverk	4,2 %	8,2 %	7,4 %	13,2 %	7,8 %	17,0 %

## Rekruttering

Faste tilsette som har slutta	2019	2020	2021	2022
Turnover	5,8 %	4,9 %	6,1 %	7,7 %
Årsverk	68,4	57,7	75,3	97,4
Tilsette	107	83	124	147
Av desse, alderspensjonerte	20	10	19	81
Prosent slutta tilsette som gjekk ut med pensjon	18,7 %	12,0 %	15,3 %	5,4%

Time kommune er ein stor arbeidsgjevar, og i dei fleste rekrutteringane er det søkarar som er godt kvalifiserte. Det vart tilsett 453 kandidatar i 2022, kor 85 % er kvinner og 15 % er menn.

I 2022 var det 2925 søkarar i rekrutteringsportalen Webcruiter; 2251 kvinner og 656 menn. Søkarar i alderen 21-35 år er høgast representert. Over 1200 av søkarane fann annonsar via finn.no og nesten 1000 fann annonsar via nettsida. I tillegg til Webcruiter nyttar kommunen eksterne rekrutteringsbyrå for stabs-/kommunalsjefnivå.

Sjølv om søkartilfanget ser bra ut, gir ikkje statistikken innsikt i talet på kvalifiserte søkarar. Stillingar som sjukepleiarar og undervisningspersonale har vore vanskelege å rekruttera til.

HR-rådgjevarane deltek i alle leiarrekrutteringane. Det vert brukt kartleggingsverktøy som grunnlag for intervju, og alle HR-rådgjevarane er sertifisert i B5PLUS.

Turnover i Time kommune var 7,7 % i 2022, og vil seia faste tilsette som har slutta i Time kommune frå eitt år til eit anna. Tal frå KS (2021) viser at turnover varierer mellom stillingstypar. Stillingar utan krav om utdanning har høg turnover (23,5 %) og stillingar med krav om universitets- og høgskuleutdanning (11,3 %) ligg litt under gjennomsnitt. Undervisningspersonalet har, generelt, låg turnover (8,88 %). Stillingstypar med høg snittalder plar ha høg turnover, som ofte handlar om tilsette som går av med pensjon.

	Søkarar		Tilsett	
Menn	656	23 %	66	2 %
Kvinner	2251	77 %	372	13 %
<b>Totalt</b>	<b>2907</b>		<b>2907</b>	

### HMS og sjukefråvær

Time kommune vedtok ny handlingsplan for inkluderande arbeidsliv, som gjeld ut 2023. Ei ny IA-arbeidsgruppe vart oppretta hausten 2022. Målet for IA samarbeidet er at arbeidsgjevar, NAV, tillitsvalde og vernetenesta skal jobba systematisk med arbeidsmiljø og sjukefråværsoppfølging i kommunen. Sjukefråværet har utvikla seg slik i løpet av dei siste åra:

Sjukefråvær				
År	2019	2020	2021	2022
Kort	1,7	2,0 %	2,1 %	2,7 %
Lang	5,4	5,2 %	5,1 %	5,8 %
<b>Totalt</b>	<b>7,1</b>	<b>7,2 %</b>	<b>7,2 %</b>	<b>8,5 %</b>

Sjukefråværet i kommunen har ei negativ trend det siste året. Kommunen har ein samla ambisjon at sjukefråværet skal vera under 6,6 %. Eit sjukefråvær på 8,5 % er derfor ikkje eit tal som kommunen skal seia seg nøgd med. Auka sjukefråvær gir både økonomiske og psykososiale konsekvensar for avdelingane og for kommunen. Sjukefråværet i 2022 må likevel verta sett i lys av at alle koronarelaterte tiltak vart oppheva i samfunnet, og ein stor oppblomstring av både pandemien og influensa mot slutten av året kan ha ein medverkande årsak til ein auke i sjukefråværet på 1,3 prosentpoeng frå 2021 til 2022.

Kommunen har vore bevisst på at sjukefråværstala har hatt ein negativ trend. Frå hausten 2022 har IA-arbeidsgruppa derfor sett i verk tiltak for å jobba systematisk med dei områda i kommunen som har det høgaste sjukefråværet, og leiarane er tett på i både førebygging og sjukefråværsoppfølging.

### Internkontroll og kvalitetsarbeid

I 2022 var fokusområdet for kommunen si interkontrollrapportering Medarbeidarskap med medarbeidarsamtalen, medarbeidarundersøking og kompetanseheving som underliggende tema. I tillegg har tenestemråda valt ut eigne fokusområde.

Medarbeidarundersøkinga vart utsett til 2023 fordi kommunedirektøren har prioritert leiarprogrammet våren 2023. I tillegg har tenestemrådet Samfunn gjort organisatoriske

endringar. Medarbeidarundersøkinga vil ha større effekt når den nye organiseringa har virka over ein periode.

Kommunen har eigne etiske retningslinjer som er implementert og kjende i organisasjonen. Leiare skal sørge for at dei etiske retningslinjene er kjent av dei tilsette, og leggje til rette for at betydinga av retningslinjene blir drøfta i den enskilde eining.

### **Personvern**

Sikkerhetsgruppa har ansvar for å samordna og vidareutvikla arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern på systemnivå for Time kommune. Gruppa arbeider fortløpande med å behandla avvik, hjelpa til i risiko- og sårbarheitsvurderingar rundt informasjonssystem, utarbeiding av behandlingsprotokoll for personopplysningar og anna rådgjeving på fagområdet.

Noko av det som har vorte arbeidd spesielt med i 2022 er å auka medvit rundt det å melda avvik på informasjonssikkerheit og personvern. Kommunale einingar sin bruk av sosiale medium har og vore i søkelyset kor bruken av dette er kartlagt, vurdert for risiko og sårbarheit. Det er utarbeidd retningslinjer for kommunale tenester sin bruk av sosiale medium.

### **Lærlingar**

Time kommune ønsker gode arbeidstakarar og gir god opplæring i læretida. Kommunen nyttar faste fagmøte for lærlingane og instruktørane. I tillegg vert det gjennomført “Lærlingskule” og “Bli kjent-dagen” som er gode arenaer for opplæring.

I 2022 var det 77 søkarar til 18 ledige læreplassar. Talet på lærlingar ved utgangen av 2022 var 33, fordelt slik: barne- og ungdomsarbeidar 8, helsefagarbeidar 9, IKT servicefag.

Total oversikt:

Lærlingar i Time kommune	2019	2020	2021	2022
Inntak	16	20	17	18
Sum etter inntak	34	33	32	35
Per 31.12.	33	32	31	35

Jærkommunane har eit tett samarbeid i arbeidet med lærlingar. Det er felles utlysing og tilsettingsprosessar. Det faglege samarbeidet omhandlar oppfølging av lærlingane gjennom felles lærling- og instruktørmøte. I tillegg samarbeider Jærkommunane om rekruttering av Menn i helse.

### **Lokale lønnsforhandlingar og tariff**

2022 var eit hovudoppgjer. Det betyr dei sentrale partane forhandla om innhaldet i Hovudtariffavtalen og lønn. KS kom til einigheit med alle arbeidstakarorganisasjonane bortsett frå Utdanningsforbundet, Skolenes landsforbund og Norsk Lektorlag som gjekk ut i streik. Streiken vart avslutta med tvungen lønnsnemnd 27.09.2023. Dei sentrale partane brukte heile ramma til det sentrale oppgjeret og det vart då ikkje halde lokale forhandlingar i kapittel 4.

Lokale forhandlingar for kapittel 3 og 5 vart gjennomført i tråd med Hovudtariffavtalen. Ramma var sett til 3,66 % som vart resultatet totalt i begge kapitla.

KS inngjekk den 20.12.2021 ein sentral rammeavtale med arbeidstakarorganisasjonane for å mobilisera arbeidskraft som følgje av koronasituasjonen, og gjaldt til 30.04.22. Avtalen vart teken i bruk i Time kommune og gjaldt ekstraarbeid og ekstrabelastningar som var koronarelatert. Avtalen hadde tre delar kor del ein gjaldt tilsette generelt og del to gjaldt for undervisningspersonalet. Del tre omhandla tilsette som er unntatt overtidsreglane i arbeidsmiljølova. Hovudpoenget med avtalen var å utvida ramma for overtidsarbeid og betaling for overtid. Mobiliseringa av arbeidskraft var basert på frivilligheit.

### **Kompetansebygging**

Gjennom året er det halde fleire interne kurs, oppretta i KS Læring. Det har og vore fleire fysiske kurs, i forbindelse med både NAV Arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta innafør tema som sjukefråvær og HMS-arbeid.

Etter ein periode med pandemi der felles opplæringstiltak ikkje var mogleg vart det 2022 avsett 2,5 millionar kroner til kompetanseuke og teambuilding i kommuneorganisasjonen.

Ein del av desse midla vart nytta til eit leiarutviklingsprogram som starta opp hausten 2022 og varar til mai 2023 i regi av Bjørnson Organisasjonspsykologene. Programmet har innehalde samling på Teams og fysiske samlingar. Leiarane deltek også i eigne læringsgrupper og føreteke eigen undervisning på nettet.

Etter anbodskonkurransen, vart Educatia valt som leverandør av nytt kompetansesystem. Hausten 2022 starta implementeringa med brei involvering i alle kommunalområda. Leiarverktøyet vil bidra til meir effektive prosessar, gi betre oversikt over tilsette sin kunnskap og kompetanse, og forenkla kompetanseplanlegging. Systemet vil verta introdusert gradvis i tenesteområda. Tilsettesamtalar vert prioriterte, saman med eit betre system for korleis me tar imot nye tilsette (onboarding).

## **5.3 Utfordringar framover**

Hovudutfordringa på sikt er at kommunane vil mangla arbeidskraft grunna demografien og konkurranse om arbeidskrafta med private og andre kommunar. Det vil verta fleire brukarar samtidig som tilgangen på arbeidskraft vil minka. Det vil ikkje vera mogleg å rekruttera seg ut av denne utfordringa. Time kommune må utdanna og utvikla eksisterande medarbeidarar gjennom god leiing, godt og trygt arbeidsmiljø og strategisk kompetanseplanlegging, som fremjar meining og meistring. Det må utforskast områdespesifikke tiltak for å behalda, og forlenga, medarbeidarar sine yrkeskarrierar, samtidig som det vert jobba med å møte endringar i tenestebehova.

Time kommune kan mobilisera arbeidskraft gjennom å jobba aktivt med heiltid, undersøka kva som aukar nærvær og reduserer sjukefråvær. Ved å systematisera arbeidskrafttilgang gjennom eksterne aktørar kan ein redusera fråfall i samfunnet. Evna til omstilling vil vera viktig, spesielt når det vert vanskelegare å rekruttera nødvendig fagkompetanse.

## 6 Investeringar

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2022. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor.

	Rekneskap				Budsjett 2022
	2019	2020	2021	2022	
<b>Investeringar i nybygg og nyanlegg</b>	225 355	260 374	178 706	191 058	201 330
<b>Finansiert slik:</b>					
Investeringsinntekter	34,9 %	48,1 %	41,5 %	14,6 %	22,3 %
Eigenkapital	9,5 %	8,6 %	18,6 %	26,2 %	19,3 %
Låneopptak	55,6 %	43,3 %	39,8 %	59,1 %	58,5 %
Ikkje finansiert	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Det var opphaveleg budsjettert med 264,4 millionar kroner i investeringar. Budsjettet er nedjustert med 63,1 millionar kroner til 201,3 millionar kroner. Årsakene til dette er avvik mellom budsjettert og reell framdrift i prosjekta. Dette gjeld idrettshallar, omsorgsbustadar og fleire vass- og avløpsprosjekt.

I 2022 er investeringane finansierte med 59,1 prosent låneopptak. Kommunen har teke opp 112,9 millionar kroner i nye lån til investeringsformål. Det var opphaveleg budsjettert med 166,9 millionar kroner i låneopptak.

	Rekneskap				Budsjett 2022
	2019	2020	2021	2022	
<b>Investeringar i nybygg og nyanlegg</b>	<b>225 355</b>	<b>260 374</b>	<b>178 706</b>	<b>191 058</b>	<b>201 330</b>
<b>Finansiert slik:</b>					
Tilskot/refusjonar/sal (netto)	50 429	84 832	51 946	15 122	26 192
Momskompensasjon	28 227	40 444	22 286	17 099	18 634
Eigenkapital	21 298	22 383	33 285	45 891	38 776
Bruk av investeringslån	125 401	112 715	71 189	112 946	117 728
<b>Sum finansiering</b>	<b>225 355</b>	<b>260 374</b>	<b>178 706</b>	<b>191 058</b>	<b>201 330</b>
<b>Avvik investering/finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Bruk av eigenkapital:</b>					
- overført frå drift	15 512	14 597	19 234	27 494	25 446
- netto bruk av tidlegare avsetningar	-7 632	2 237	-1 305	4 012	0
- mottatte avdrag egne midlar	5 830	5 832	14 755	5 874	5 830
- årets salsinntekter	15 695	7 172	8 060	12 129	7 500
- utlån og tilskot til andre sine investeringar	-8 107	-7 455	-7 459	-3 618	0
<b>Sum</b>	<b>21 298</b>	<b>22 383</b>	<b>33 285</b>	<b>45 891</b>	<b>38 776</b>

Investeringane er delvis finansierte av inntekter som statstilskot og refusjonar frå private utbyggjarar på 15,1 millionar kroner og momskompensasjon for 2022 med 17,1 millionar kroner.

Eigenfinansieringa inkluderer overføring frå driftsrekneskapen, motteke avdrag frå Lyse, sal av fast eigedom og utstyr på 12,7 millionar kroner og bruk av fond. Utlån er netto utgifter til startlån (mottakne avdrag minus betalte avdrag) og tilskot på 4,3 millionar til investeringar

som Time kyrkjelege fellestråd gjennomfører. Den største investeringa her var rehabilitering av gravkapell ved Time kyrkje til 3,5 millionar kroner.

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån ført. I 2022 lånte kommunen ut 24,3 millionar kroner mot 45,8 millionar kroner i 2021. Utbetalinga i 2021 inkluderte eit etterslep frå 2020. Årleg låneopptak til vidareutlån er på 25 millionar kroner. Ubrukte lånemidlar ved utgangen av fjoråret var på 5,3 millionar kroner.

### **Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen**

Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me budsjettjusterer seint på året vert det avvik mellom budsjettert løyving og forbruk kvart år.

Investeringsrekneskapen vert gjort opp samla og ikkje for kvart prosjekt, og er i 2022 gjort opp med eit mindreforbruk på 4,8 millionar kroner. Dette mindreforbruket er saldert mot låneopptak. Kommunen har derfor ubrukne lånemidlar på 5,5 millionar kroner og desse vert nytta til å finansiera investeringar i 2023.

### **Kommentarar til investeringsprosjekta**

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2022, kolonne to viser budsjett 2022, og for fleirårige prosjekt viser kolonne tre rekneskapsført hittil og fjerde kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekta som er med her. I hovudsak er det berre vist prosjekt med store kostnadar i 2022 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljane om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

Investeringsprosjekt som det i 2022 er avlagt eige rekneskap for i eiga politisk sak, vert ikkje kommenterte.



## 6.1 Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap hittil	Prosjekt- ramme
1101	IKT investeringar - felles	3 453	3 500		
1107	Politiske rom, kultureining m.m.	1 755	1 200		
1215	ENØK	1 857	1 500		
1501	110-sentralen	343	0		
1905	Eigenkapital KLP	2 613	2 600		

### 1101 IKT Investeringar – felles

Det er i perioden gjort oppgraderingar på dei møteromma som gjenstod. Alle kommunalsjefar har fått store skjermar på kontora sine. Kommunestyresal er oppgradert og fornya. Visma er oppgradert til skyteneste Visma Plus. Acos Websak er klargjort med nye basar og oppgradert slik at det er klart til å flytta i sky i 2023. Me har innført eAdm (som er styring av prosessar mellom HRM og AD) som ein følge av oppgraderinga av Visma, samt innført nytt kompetansesystem Educatia. Fleire oppgraderingar på nettverk og brannmurar er gjort, slik at systema våre er meir robuste og sikre mot truslar utanfrå.

### 1107 Politiske rom, kultureining m.m.

Det er utført ei oppgradering av kommunestyresalen i 2022. Det vart om lag 500.000 i meirforbruk grunna ekstraarbeid med nytt tak, nytt lys, ikt og dyrare møbelinnreiing.

### 1215 Enøk

Det er i 2022 gjennomført fleire tiltak for å redusera energibruken i dei kommunale bygga. Det er mellom anna sett inn nytt ventilasjonsanlegg i Lyehallen, justering av varmeanlegget på Rosseland skule og oppgradert automatikk på fleire anlegg.

### 1905 Eigenkapital KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

## 6.2 Skular og barnehagar

Skular og barnehagar		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
2203	Mindre ombyggingar - Oppvekst	1 937	1 500		
2244	Rosseland skule bygg D	4 364	4 000	6 082	6 000
2252	Oppussing Bryne skule 100 års jubileum	1 854	1 500		
2254	Bryne kompetansesenter	1 300	600	8 812	7 500

### 2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar er i hovudsak utførte og omtala i ULK-sak 008/23. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2022. Noko meirforbruk grunna høg prisauke i 2022.

### 2244 Rosseland skule bygg D

Prosjektet vert slutført til skulestart 2022. Arbeidet handla i hovudsak om tilrettelegging for skuledrift i klasserom i forhold til lyd og lysforhold i tillegg til nytt skulekjøkken. Noko meirforbruk her på grunn av ekstraarbeid med feittutskiljar måtte monterast i forbindelse med skulekjøkkenet.

### 2252 Oppussing Bryne skule 100 års jubileum

Ein del oppussing innvendig og utvendig vart utført i 2022 i forbindelse med 100 års jubileum for skulen.

### 2254 Bryne kompetansesenter

Prosjektet gjeld bygningsmessige tilpassingar for lokalisering av felles flyktingtenester i Klepp og Time. For å kunna nytta areala i heile «Sukkerbiten», eldste delen av tidlegare Bryne gymnas, er det mellom anna lagt til rette for heis i denne delen av bygget. Prosjektet er ferdigstilt våren 2022 og meirforbruk skuldast i stor grad endringar av behov hos BKS i forhold til tilpassingar til undervisning og elevtal.

## 6.3 Helse og velferd

Omsorg	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Regnskap hittil	Prosjekt-ramme
3101 Velferdsteknologi - Omsorg	418	1 200		
3202 Mindre ombyggingar - Omsorg	1 956	1 500		
3213 Kommunale bustader	3 694	4 000		
3213 Kommunale bustader	-10 064	0		
3248 Planlegging og rehabilitering vaskeriet	4 365	1 000	5 702	6 700
3269 Robuste bustader Re 3+2	337	500	5 544	15 100
3269 Robuste bustader Re 3+2	0	0	0	-1 500
3271 Ombygging Vestbygget - eldre personer med psyk helse/rusutfordring	662	300	820	6 700
3271 Ombygging Vestbygget - eldre personer med psyk helse/rusutfordring	0	0	0	-2 750
3278 Solcelle Sivdamheimen	1 142	1 000		
3282 Omsorgsbustadar Vardheia - oppgradering	1 029	500	1 394	

#### 3101 Velferdsteknologi – Omsorg

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Helse og velferd. Mykje av velferdsteknologien vert nå leasa. Mindreforbruket i investering, må derfor sjåast i samanheng med noko av meirforbruket i Helse og Velferd.

#### 3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i Helse og velferd er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-sak 008/23](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2022. Noko meirforbruk grunna høg prisauke i 2022.

#### 3213 Kommunale bustadar

Knattstien 2 vart selt i 2022 for 9 millionar, men dette var budsjettert i 2021.

#### 3248 Rehabilitering vaskeriet på Bryneheimen

Prosjektet vart påbegynt i 2022 og vert avslutta i 2023. Det vert noko kostnadsauke her på grunn av avvik i forbindelse med brannsikkerheit og nytt brannkonsept må utarbeidast.

#### 3269 Robuste bustadar Re 3+2

Prosjektet gjeld kjøp av tomt, regulering og oppføring av fem robuste bustadar over nokre år framover. Reguleringsarbeid starta i 2021. Valt alternativ plassering gjer at kommunen må kjøpa eller bytta tomt med nabogrunneigar. Planen er å starta med bygging her i 2024.

#### 3271 Ombygging Vestbygget – eldre personar med psyk helse/rusutfordring

Prosjektet vart påbegynt i 2022 og skal slutførast hausten 2023.

#### 3278 Solcelle Sivdamheimen

Det var sett av ein million kroner til solcellepanel på taket av Sivdamheimen. Prosjektet vart fullført i 2022.

### 3282 Omsorgsbustadar Vardheia - oppgradering

Det var sett av ein million kroner til oppgradering av omsorgsbustader i Vardheia. Prosjektet vart fullført i 2022.

## 6.4 Kulturbygg og kulturanlegg

Kulturbygg og kulturanlegg		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Regnskap hittil	Prosjekt-ramme
4309	Mindre ombyggingar kulturbygg	642	700		
4480	Kunstarleg utsmykking	276	430		
4517	Bårehus og seremonirom	3 500	3 500		

### 4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

Mindre oppgraderingstiltak på kulturbygg er i hovudsak utførte og omtalte i ULK-sak 008/23. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2022.

### 4480 Kunstnarleg utsmykking

Kostnadar til utsmykking av Trollongane barnehage, til "Dei bortkome" (sauene) og til innkjøp av måleri til kommunestyresalen.

### 4517 Bårehus og seremonirom

Kyrkjeleg fellestiltak har oppgradert bårehuset og bygd nytt livsynsnøyralt seremonirom. Byggeprosjektet er ferdigstilt innanfor budsjettert ramme på 3,5 millionar kroner.

## 6.5 Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Regnskap hittil	Prosjekt-ramme
3801	Symjehall	2 726	8 000		
3805	Ny idrettshall Bryne	24 895	36 000	35 034	180 000
3805	Ny idrettshall Bryne	0	0	0	-21 100
5903	Utbetring leikeplassar	4 652	3 000		
5903	Utbetring leikeplassar	0	-500		
5932	Lys Eivindsholstjødna	60	700	0	1 500

### 3801 Symjehall

Detaljreguleringsplanen og forprosjektet er under arbeid. Tek sikte på å starta prosjekteringsarbeid hausten 2023 med ferdigstilling av hallen ved årskiftet 2026–2027.

### 3805 Ny idrettshall Bryne

Prosjektet hadde oppstart i 2022 og vert etter planen slutført i desember 2023.

### 5903 Utbetring leikeplassar

Mindre oppgraderingstiltak på leikeplassar er i hovudsak utførte og omtalte i ULK-sak 008/23. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2022.

### 5932 Lys Eivindsholstjødna

Prosjektet vert utført første halvår 2023.

## 6.6 Veg og parkanlegg

Veg og parkanlegg		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Regnskap hittil	Prosjekt-ramme
5643	Utsifting av lysmaster	5 441	6 000		
5643	Utsifting av lysmaster	-200			
5671	Ramshaugvegen, Re	486	2 300	607	
5678	Gangsti Undheim - Taksdal	348	0		
5679	Tursti Risa Undheim	91	2 500		

### 5610 Trafikksikring

Gjennomføringa av aktuelle trafikksikringstiltak følger i hovudsak godkjend handlingsdel av «Trafikksikkerheitsplan 2016–2025» kvart år, jamfør godkjend økonomiplan. Handlingsdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. Samla utgifter i 2022 har vore 429 000 kroner etter at refusjonar frå fylkeskommunen er rekneskapsførte ved utgangen av året.

### 5643 Utsifting av lysmaster

Det er hittil skifta ut 2300 lyspunkt med nye ledlys. Det står att om lag 1000. Desse er planlagt gjennomførte i 2023 Dette er eit energieffektiviseringstiltak.

### 5664 Asfaltering kommunale vegar

Aktuelle vegar som er reasfalterte i 2022, går fram av ULK-sak 008/23.

### 5669 Smieparken

Prosjektet har ei kostnadsramme på 9,8 millionar kroner, jamfør KS-sak 029/19. Rekneskapsførte utgifter ved utgangen av 2022 gjeld innløysinga av gnr. 1 bnr. 39 ved makeskifte inkludert dokumentavgift og offentlege kostnader, samt anleggsarbeid. Anleggsrekneskap vert levert i løpet av 2023.

### 5678 Gangsti Undheim-Taksdal

Prosjektet har ei kostnadsramme på 2,2 millionar kroner. Prosjektet har meirutgifter i 2022 og det pågår ein dialog mellom «dugnadsgjengen», Lyse, fylkeskommunen og kommunen for å få på plass ei tilfredsstillande løysing. Resultatet av dialogen vil danna grunnlag for eventuelle nye tilsvarande prosjekt. Det ser ut for at den største utfordringa er avstand mellom fylkesveg og gangsti. Det vert levert midlertidig dispensasjonssøknad for eksisterande tursti i 2023.

## 6.7 Vatn, avløp og renovasjon

Vann, avløp og renovasjon	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Regnskap hittil	Prosjekt-ramme
5500 VA strakstiltak og vassmålarar offentleg nett	6 056	4 000		
5556 VA tiltak - Rossaland - kapasitetsutviding Kong Haakons gate	26 622	27 800	42 557	49 300
5558 Vatn og kloakkering Skjæret	6 881	7 100	11 580	37 100
5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden, Ørnahaugen	9 774	5 500	10 506	14 800
5563 Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen	5 602	5 000	6 448	31 000
5567 VA- Stadion-Trallfav-Orrevegen	917	0	1 485	23 700
5567 VA- Stadion-Trallfav-Orrevegen	0	0	0	-10 000
5568 Sanering av VA og OV Kvernelandsvegen	3 580	0	19 922	16 500
5568 Sanering av VA og OV Kvernelandsvegen	-102	0	-7 625	-3 800
5574 Theodor Dahls veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale	5 143	4 100	15 594	11 100
5574 Theodor Dahls veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale	-2 121	-1 544	-5 562	-5 544
5575 Utbygging Reemarka etter anleggsbidragsmodellen	21 097	2 900	22 446	31 000
5575 Utbygging Reemarka etter anleggsbidragsmodellen	-10 069	0	-10 269	-23 600
5576 VA-tiltak Stemmen, Håland	1 082	8 000	3 580	46 000
5576 VA-tiltak Stemmen, Håland	0	0	0	-36 000
5577 Sanering VA og OV leidninger Trallfavegen/Myrbrotet	10 384	11 000	10 956	19 200
5577 Sanering VA og OV leidninger Trallfavegen/Myrbrotet	0	-3 800	0	-7 800

### 5500 VA strakstiltak og vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vart defekt, lekkasjetetting samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet.

### 5556 OV-tiltak Rossaland-Kjeldevegen

Prosjektet har ei kostnadsramme på 49,3 millionar kroner. Prosjektet er ved utgangen av 2022 i samsvar med framdriftsplan og innanfor budsjett.

#### **5558 Vatn og kloakkering Skjæret**

Formannskapet gjorde i [sak 005/21](#) vedtak om at kommundirektøren skulle arbeida vidare med offentleg VA-anlegg frå Undheim til Skjæret. Time kommunestyret godkjente i [K-sak 043/22](#) 7,1 millionar kroner ekstra til det private avløpslaget og godkjente forprosjektet for tilknytning til Undheim i [K-sak 044/22](#) med ei netto løyving på 20,6 millionar kroner.

#### **5562 VA sanering Eikeberget, Varden, Ørnahaugen, Bryne**

Prosjektet har ei ramme på 14,8 millionar kroner. I entreprisen var det lagt inn fjell i grøft for 600 av 650 grøftemeter. Likevel er fjellmengdene større enn kalkulert på grunn av djupare fjell. Saman med lønns- og prisauke gjer det at prosjektet er forventa og gå med eit mindre meirforbruk på 1-1,5 millionar kroner. Anlegget er planlagt ferdigstilt før sommaren 2023.

#### **5563 Sanering VA Kolheibrotet, Austbøvegen, Linevegen, Bryne**

Prosjektet har ei ramme på 31 millionar kroner og er planlagt ferdigstilt ved komande årsskifte. Det knytte seg usikkerheit til kostnadane til lønns- og prisstiging.

#### **5568 Sanering av VA og OV i Kvernelandsvegen**

Prosjektet er i hovudsak ferdigstilt ved utgangen av 2021. Det er utgiftsført netto om lag 9 millionar kroner ved utgangen av 2021. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2023.

#### **5570 Kommunalteknisk anlegg Kalbergvegen–Fagrafjell Statnett**

Prosjektet er ferdigstilt ved utgangen av 2021. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2023.

#### **5574 Theodor Dahl veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale**

Prosjektet er i hovudsak ferdigstilt ved utgangen av 2021. Det er forventa meirutgifter grunna fjell i VA-grøft og forsering av anleggsarbeida for å redusera negative konsekvensar for lokalt næringsliv. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2023.

#### **5575 VA tiltak Reemarka, Bryne**

Prosjektet skjer etter anleggsbidragsmodellen, det vil seia at Time kommune står som utbygger og får refundert påløpte utgifter frå prosjekteigar. Oppstart vart forseinka og hovuddelen av gravearbeida tok ikkje til før på nyåret 2022. Ein del av anlegget er OV-nett for Bryne der kommunen skal dekkja delar av utgiftene saman med utbygger. Anlegget vert ferdigstilt sommaren 2023.

#### **5576 VA tiltak Stemmen, Håland**

I økonomiplanen for 2021-2024 ligg det at dette prosjektet skal gjennomførast etter anleggsbidragsmodellen. Dette er endra i økonomiplanen for 2022-2025. Time kommune skal gi eit anleggsbidrag på inntil 10 millionar kroner for sanering av VA-anlegg i eksisterande bustadfelt i samsvar med godkjent utbyggingsavtale. Anleggsbidraget vert utbetalt ettersom anlegget vert ferdigstilt. For å redusera investeringsporteføljen er sanering av eksisterande bustadfelt utsett.

#### **5577 Sanering VA-anlegg Trallfavegen/Myrbrotet, Bryne**

Prosjektet pågår og kostnadsramma er 19,2 millionar kroner. Det er kalkulert med 7,8 millionar kroner i refusjon frå utbygging av Bavaria-tomta når den vert realisert. Prosjektet er nødvendig for å få sjølvfall frå Bryne storhall. Anlegget er noko etter framdriftsplanen, men innanfor budsjett.

### *5584 Driftsbaser eigeidom og kommunalteknikk, Håland*

Bygningsmassen på kommunalteknikk sin driftsbaser på Håland er gammal, nedsletten og uhensiktsmessig. Garderobefasilitetar er ikkje i samsvar med krav og forventningar.

Driftsbasen til eigeidom i Hetlandsgata skal rivast når det skal byggast nytt symjebasseng. I tillegg leiger kommunen lokale i Varheia til NAV-gruppe i kommunal regi og renovasjon. Planen er å samle driftsbasen for både kommunalteknikk og eigeidom på Håland. Det er gjennomført eit forstudie i 2022.

## 6.8 Tomtesal

Utbygging		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap hittil	Prosjekt- ramme
5200	Anna Tomtesal	389	0		
5200	Anna Tomtesal	-2 211	-7 500		

### *5200 Anna tomtosal*

Det var budsjettert med sal av tomter på Lyefjell.

## 6.9 Energi og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2022

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad
	Tilsett klimateknikkar	0,8 millionar kroner/år	2021
	Redusera spesifikk energibruk i rådhuset med 15 %		Hausten 2022 vart romtemperatur satt til 20 grader på kontor og møterom i rådhuset.
	Ombygging i C-bygget med skifte av vindauge	42 millionar kroner	Ferdig
3202	Omlegging til bioenergibasert varme	5 millionar kroner	Ferdig i 2017. Manglar litt tilpassingar/justeringar
	Sivdamsenteret og Sivdamheimen		Bytta aggregat som har roterande gjenvinnarar i 2017 + ein del nye vindu i 2022.
	Ombygging i A-bygget med mellom anna skifte av vindauge	17 millionar kroner	Ferdig i 2017
1213	Installert/sentralisert SD-anlegg* i kommunale bygg	20 millionar kroner	Løyvinga går over 10 år frå 2011
	Omsorgsbustadar Svertingstad		
	Kvernaland omsorgssenter		
	Bryne skule		
	Frøyland skule		Utvida skule og fleirbrukshall i 2017
	Lye skule		
1215	Rosseland skule		Optimalisert varmeanlegget 2022
1215	Hognestad skule		Bytta ut aggregat i sløydsal i 2016 Ny automatikk i 2022
	Rådhuset		Installert energimålar i 2016
	Sivdamsenteret		
	Sivdamheimen		Bytta ut bassengaggregat i 2016
	Bryneheimen		Bytta ut tre aggregat til eitt i 2016
	Storstova		Installert energimålar i 2016
	Bryne Mølle		SD-anlegg i 2016
	Bryne kompetansesenter		
	Bryne ungdomsskule		
	Vestly idrettsbarnehage		
	Kvernaland barnehage		
	Ådalen barnehage		
	«Skatt Vest» bygget		SD-anlegg i 2016
	Bryne brannstasjon		SD-anlegg i 2016
	Ny energisentral		SD-anlegg i 2016
1212	Garderobar i rådhuset for sykling til arbeid	1 million kroner	2016
	Maurtua barnehage		SD-anlegg i 2017
	Undheim skule		SD-anlegg i 2017
	Røyrvika bufellesskap		SD-anlegg i 2017
	Monsanut barnehage		SD-anlegg i 2017 (manglar nett)
	Austbø barnehage		SD-anlegg i 2018



Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad
	Nyland barnehage		SD-anlegg i 2018
	Undheim skule		SD-anlegg i 2018
	Rosseland bygg D		SD-anlegg i 2018
	Timehallen		SD-anlegg i 2018
	Sivdamsenteret		Varmestyring i 2018
1215	Lyehallen		Nytt ventilasjonsanlegg 2022 + ny styring
	Lyefjell barnehage		SD-anlegg i 2018
1215	Vestly barnehage		Ny varmepumpe + automatikk
1215	Trollongane barnehage		Optimalisering av vassforbruk med ny vasstank
	Rådhuset/Sivdamområde		Energimålarar i 2018
	Undheim skule		Bytta aggregat heimkunnskap i 2018
	Bryne Mølle		Bytta aggregat kafè/utstilling i 2018
	Bryne Mølle		Ny brannventilasjon i 2018
	Bryne Mølle		Ny automatikk i 2022
	Kontorbrakke på Håland		Ny ventilasjon i 2018
1213	Enøktiltak Timehallen	1 million kr	Installert ventilasjonsanlegg i 2019
1213	Enøktiltak Rådhuset	700 000 kr	Ny gasskjel i 2019
1213	Storstova	150 000 kr	Nytt ventilasjonsanlegg i 2019
1213	Rørvika 2	20 000 kr	SD-anlegg i 2019
1213	Rådhus bygg C	100 000 kr	SD-anlegg i 2019
			Det vert montert SD-anlegg i alle nye bygg
	Etablere 6 P-plassar for lading av elbilar ved rådhuset	1 million kr	Etablert i 2018
	Deponigassanlegg Re fyllplass	300 000 kr delt mellom Hå, Klepp og Time.	I 2019 vart anlegget oppgradert etter 20 års drift. Dette var nødvendige tiltak for å sikra fortsatt drift av gassuttaket som er pålagt av Statsforvaltaren fram til 2030. Gassmengda som nå vert teken ut og fakla av har auka til over 60 %. Noko som estimatet i planen var, dersom anlegget vart oppgradert.
1213	Bryneheimen	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Skifta ut 3 defekte varmepumper med ei ny i 2020
1213	Storstova	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Skifta ut ventilasjonsanlegget i foaje med eit nytt og energisparande i 2020
1213	Bryne skule	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Nytt SD-anlegg i 2020
1213	Frøyland skule	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Innregulering/optimalisering og ombygging av varmeanlegg i 2020
1213	Bryne ungdomsskule (eldste del)	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Nytt SD-anlegg i 2020



Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad
	23 elbilar, tenestebilar		Skal betalast i 2021
	30 ladestasjonar for kommunale elbilar	1,6 mill. kr i 2020	

\*SD-anlegg = Sentraldriftovervakingsanlegg for mellom anna ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg, samt lys og anna teknisk infrastruktur.

Time kommune deltek i «Klimanettverk Jæren». Dette er eit forum for utveksling av idear og samarbeid om rullering av nye klimaplanar.

## 7 Brukartfredsheit og tilbakemeldingar

Time kommune hadde planlagt å gjennomføra 19 brukarundersøkingar i løpet av 2022. Under er resultatet med tilhøyrande kommentar til undersøkingar som vart gjennomførte.

### Oppvekst

Foreldreundersøkelsen - Barnehage	Time 2018	Time 2020	Time 2022	Nasjonalt 2022
Ute- og innemiljø	4,3	4,4	4,4	4,2
Relasjon mellom barn og voksen	4,6	4,7	4,6	4,5
Barnets trivsel	4,8	4,8	4,8	4,7
Informasjon	4,3	4,3	4,3	4,3
Barnets utvikling	4,7	4,7	4,8	4,7
Medvirkning	4,3	4,3	4,4	4,3
Henting og levering	4,4	4,5	4,4	4,4
Tilvenning og skolestart	4,5	4,5	4,6	4,5
Tilfredshet	4,6	4,7	4,7	4,5
<b>Snitt totalt</b>	4,5	4,5	4,6	4,5

Kjelde: Utdanningsdirektoratet. 5 best, 1 dårlegast

Tala i framstillinga representerer eit snitt av fleire ulike indikatorar. Foreldreundersøking i barnehagane i Time kommune vart gjennomført i november 2022. Samla svarprosent (kommunale og private) var 71 %, ein nedgang på 10 % frå 2020.

Resultat i Time er i stor grad det same som i 2020. På enkelte indikatorar er samla skår 0,1 dårlegare, medan på andre 0,1 betre. 5 er høgast mogleg resultat på dei ulike områda. Time samla sin dårlegaste skår er 4,3 på «Informasjon». «Barnets trivsel» er 4.8 og «Samla tilfredsheit» er 4.7.

Time samla ligg over fylke og landssnitt på alle område. Spesielt interessant er det at dei kommunale og private barnehagane i Time har veldig lik skår, medan resultatet i fylke og på landssnitt syner at dei kommunale barnehagane jamt over har ein dårlegare skår enn dei private på alle områda. Orientering til politisk utval for levekår vart gitt i møtet 19.04.23.

Elevundersøkelsen - Grunnskole	Time 2020	Time 2021	Time 2022	Nasjonalt 2022
Trivsel	4,2	4,2	<b>4,2</b>	4,1
Støtte fra lærer	4,2	4,2	<b>4,2</b>	4,2
Støtte hjemmefra	4,2	4,2	<b>4,1</b>	4,1
Vurdering for læring	3,6	3,5	<b>3,6</b>	3,5
Læringskultur	4,0	4,0	<b>3,8</b>	3,8
Mestring	4,1	4,0	<b>4,0</b>	3,9
Motivasjon	3,6	3,5	<b>3,4</b>	3,4
Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,6	<b>3,6</b>	3,5
Felles regler	4,2	4,3	<b>4,2</b>	4,2
Utdanning og yrkesveiledning	3,9	4,1	<b>4,1</b>	3,8

Faglig utfordring	4,0	4,1	<b>4,0</b>	4,1
<b>Snitt totalt</b>	<b>3,9</b>	<b>4,0</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>

Kjelde: Utdanningsdirektoratet. 5 best, 1 dårlegast, tala viser svar gitt av elevar på 7. og 10.trinn

Elevundersøkinga syner for 2022 at elevane på 7. trinn gir tilbakemeldingar som er rett under eller over nasjonalt nivå på indikatorane trivsel, fagleg utfordring, støtte frå lærar, vurdering for læring og elevdemokrati og medverknad. På 10. trinn er tilbakemeldingane på eller over nasjonalt snitt på dei same indikatorane.

Meir inngåande funn frå undersøkingane og andre læringsresultat for 2022 vert presentert i eigen Kvalitetsmelding og tilstandsrapport for Jærskulen 2022 og i tilhøyrande saksframlegg ([Sak ULE – 026/23](#)). Resultata er òg tilgjengelege på Utdanningsdirektoratet si nettsida via [analysebrettet](#).

Foreldreundersøkelsen - grunnskole	Time 2020	Time 2021	Time 2022	Nasjonalt 2022
Motivasjon	4,2	4,1	<b>4,2</b>	-
Støtte fra lærerne	4,5	4,5	<b>4,6</b>	-
Trygt miljø	4,4	4,4	<b>4,4</b>	-
Dialog og medvirkning	4,5	4,5	<b>4,6</b>	-
Informasjon fra skolen	4,1	4,1	<b>4,2</b>	-
SFO	4,6	4,7	<b>4,5</b>	-
Læring og utvikling	4,2	4,1	<b>4,1</b>	-
<b>Snitt totalt</b>	<b>4,4</b>	<b>4,3</b>	<b>4,4</b>	-

Kjelde: Utdanningsdirektoratet. 5 best, 1 dårlegast. Tala viser svar gitt av føresette til elevar på 7. og 10.trinn. Dei nasjonale tala var ikkje publisert då Årsrapport 2022 vart ferdigstilt.

Foreldreundersøkinga er frivillig for kommunane å gjennomføra. Det er derfor vanskeleg å samanlikna med nasjonalt og regionalt nivå. Svarprosenten på 7. trinn var på 52,4 % og for 10. trinn var den 39,8 %. Foreldra svarer som elevane på ein skala frå 1 til 5. Foreldra sine svar både på 7. trinn og 10. trinn ligg mellom 4,0 til 4,6 på dei tilsvarende indikatorar som elevane har svara på.

Brukarundersøking Helsestasjon 0-5 år	Time 2017	Time 2019	Time 2022	Nasjonalt 2022
Resultat for brukar	5,3	5,3	<b>5,5</b>	5,4
Brukarmedverknad	5,2	5,3	<b>5,5</b>	5,5
Respektfull behandling	5,7	5,6	<b>5,8</b>	5,7
Pålitelegheit og kompetanse	5,4	5,5	<b>5,7</b>	5,6
Tilgjengelegheit	5,3	5,3	<b>5,5</b>	5,5
Informasjon	5,4	5,4	<b>5,6</b>	5,5
Samordning	5,1	5,3	<b>5,7</b>	5,5
Heilheitsvurdering	5,4	5,5	<b>5,7</b>	5,6
<b>Snitt totalt</b>	<b>5,4</b>	<b>5,4</b>	<b>5,6</b>	5,5

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Resultata etter brukarundersøking 2022 for Helsestasjon 0-5år er veldig gode. Kommunen har resultat over nasjonalt snitt på alle indikatorane, med unntak av to som ligg på snittet. Resultata viser òg at tenesta har positiv trend på alle indikatorane i perioden 2017-2022.

Resultata og nærare vurdering av desse kjem fram i orienteringa som vart gitt til utval for levekår. ([Sak ULE-020/23](#)).

Kulturskole – Elever f.o.m 8.trinn til vaksne	Time 2018	Time 2020	Time 2022	Nasjonalt 2022
Resultat for brukeren	5,2	5,4	<b>5,3</b>	5,2
Trivsel	5,6	5,7	<b>5,4</b>	5,4
Brukermedvirkning	5,5	5,6	<b>5,4</b>	5,4
Respektfull behandling	5,7	5,9	<b>5,8</b>	5,7
Tilgjengelighet	5,3	5,5	<b>5,3</b>	5,3
Informasjon	5,3	5,3	<b>5,3</b>	5,2
Helhetsvurdering	5,5	5,7	<b>5,5</b>	5,4
<b>Snitt totalt</b>	<b>5,4</b>	<b>5,6</b>	<b>5,4</b>	<b>5,3</b>

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Kulturskole – Foreldre/føresette til elevar f.o.m førskulealder til vaksne	Time 2018	Time 2020	Time 2022	Nasjonalt 2022
Resultat for brukeren	5,1	5,2	<b>5,2</b>	5,0
Trivsel	5,3	5,3	<b>5,2</b>	5,2
Brukermedvirkning	5,3	5,4	<b>5,2</b>	5,1
Respektfull behandling	5,7	5,7	<b>5,8</b>	5,6
Tilgjengelighet	5,2	5,2	<b>5,2</b>	5,2
Informasjon	5,0	5,1	<b>4,7</b>	4,7
Helhetsvurdering	5,3	5,3	<b>5,2</b>	5,1
<b>Snitt totalt</b>	<b>5,3</b>	<b>5,3</b>	<b>5,3</b>	<b>5,2</b>

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Time kulturskule får gode resultat i si brukarundersøking for 2022. Dette gjeld for begge reponentgrupper. ”Snitt totalt“ både for elevar og foreldre/føresette syner høgare skår enn landsgjennomsnitt. Alle dimensjonar har høgare eller lik skår som nasjonalt snitt. Samanlikna med 2020 syner elev-svar tendens til liten nedgang og har resultat litt meir samanfallande med tal frå 2018. Foreldresvar syner lik tendens og likt snitt for både 2018, 2020 og 2022. Elev-svar skårar generelt høgare enn svar frå foreldre og syner at barn/unge sjølv har gode opplevingar som kulturskuleelev. Resultata og nærare vurdering av desse kjem fram i orienteringa som vart gitt til utval for levekår. ([Sak ULE-002/23](#)).

## Helse og velferd

Dagsenter			Time 2022	Nasjonalt 2022
Resultat for brukeren			5,4	5,3
Trivsel			5,6	5,5
Brukermedvirkning			4,7	5,0
Respektfull behandling			5,4	5,6
Tilgjengelighet			5,6	5,5
Informasjon			5,4	5,3
Helhetsvurdering			5,7	5,6
<b>Snitt totalt</b>			<b>5,4</b>	<b>5,4</b>

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Psykisk helse og rusarbeid		Time 2016	Time 2022	Nasjonalt 2022
Tilgjengelighet		3,7	3,6	3,3
Informasjon		3,4	3,3	2,9
Personalets kompetanse		3,9	3,6	3,6
Samarbeid med andre tjenester		3,8	3,8	3,6
Brukermedvirkning		3,7	3,6	3,4
Respektfull behandling		3,9	3,8	3,7
Resultat for brukeren		3,5	3,7	3,4
Helhetsvurdering		3,8	3,8	3,5
<b>Snitt totalt</b>		<b>3,7</b>	<b>3,6</b>	<b>3,4</b>

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Det vert lagt fram eigne saker i 2023 der resultatane frå brukarundersøkingane vert nærare kommentert. Når det gjeld fritidstilbodet for eldre og Teneste- og samordningskontoret er undersøkinga utsett til 2023.

## Samfunn

Bibliotek	Time 2016	Time 2019	Time 2022	Nasjonalt 2022
Service	5,2	5,3	5,4	5,3
Brukermedvirkning	4,6	4,6	4,7	4,6
Bibliotekets utlånstilbud/utvalg	4,7	4,8	4,8	4,7
Bibliotekets lokaler	5,0	4,9	5,1	5,0
Tilgjengelighet	4,8	4,9	5,0	5,0
Informasjon	4,6	4,6	4,6	4,5
Helhetsvurdering	5,3	5,3	5,4	5,3
<b>Snitt totalt</b>	<b>4,9</b>	<b>5,0</b>	<b>5,1</b>	<b>5,0</b>

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Resultatane er svært gode, og betre enn snittet nasjonalt, samt betre enn resultatane for Time bibliotek i tilsvarande undersøking i 2019.

Brukarane er godt nøgde med bibliotektenestene. Samtidig gir undersøkinga eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å forbetra tenestene. Resultatet er lagt fram for Utval for levekår ([ULE-021/23](#)).

Landbruk	Time 2016	Time 2022
Behandlar deg høfleg og med respekt?	4,5	5,0
Tek deg på alvor?	4,5	4,7
Har relevant fagkunnskap?	3,9	4,5
Gjev informasjon som er lett forståeleg?	3,9	4,5
Gjev relevant rettleiing?	4,0	4,6
Kor fornøgd er du totalt sett med saksbehandlinga av landbrukssaker i Time kommune?	4,0	4,1

Kjelde: Survey monkey, 6 best, 1 dårlegast.

Brukarane gjev i 2022 generelt betre tilbakemeldingar på mange av dei direkte samanliknbare spørsmåla med undersøkinga frå 2015. 62 % av respondentane gav tilbakemelding 4-6 på det overordna spørsmålet om kor fornøgde dei er med saksbehandlinga av landbrukssaker i kommunen.

Tilbakemeldingane er at brukarane opplever å verta teken på alvor og vert behandla med respekt. Dei tilsette har relevant fagkunnskap og gjev informasjon som er relevant og forståeleg. I perioden som undersøkinga gjeld, var det redusert bemanning i om lag halvparten av denne tida. Undersøkinga viser tydeleg at brukarane har merka dette på saksbehandlingstid og spørsmål knyta til behandling av saker. Resultatet er lagt fram for Utval for lokal utvikling ([ULK-109/22](#)).

Private reguleringsplanar: Ikkje gjennomført

Byggesaksbehandling: Igangsett haust 2022, forventast ferdig stilt i første halvdel av 2023.

Brukarundersøking i kinoen er planlagt/utsett til 2023 og kulturhuset til 2024.

Når det gjeld fysioterapi, ergoterapi og Frisklivssentralen vil dette, grunna ny organisering, verta vurdert på nytt i neste økonomiplan.

# 8 Status politiske vedtak og planstrategi

## 8.1 Restanseliste politiske vedtak

Oversikta nedanfor viser ei restanseliste for politiske vedtak i kommunestyret som førte til særskilt oppfølging frå administrasjonen si side. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2022.

Saksnummer/sak	Status
<b>KS-056/22 Brann- og redningsvesen - bakgrunn og vidare arbeid</b>	
1. Kommunestyret ber kommunedirektøren avklara moglegheitene for justert fordelingsnøkkel av kostnadene til Rogaland brann og redning IKS med dei andre eigarane. Ny kostnadsfordeling skal i større grad reflektere den faktiske kostnaden for brannvernberedskapen i Klepp og Time.	Representantskapet gav hausten 2022 oppdraget til eigarane om å utgreia desse problemstillingane. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som er i gang med arbeidet. Forventar eit framlegg frå arbeidsgruppa hausten 2023.
2. Dersom det ikkje er mogleg å bli einige om ein ny fordelingsnøkkel som vesentleg reduserer kostnadane til Time og Klepp, ber kommunestyret kommunedirektøren om å starta utgreiinga av eit eige brannvesen for Time, Klepp og eventuelt Hå kommune.	Først avklare punkt 1 i vedtaket.
<b>KS-085/22 : Gjenvinningsstasjon i Time kommune</b>	
Time kommunestyre ber kommunedirektøren ta kontakt med Hå kommune for å avklare om innbyggjarane i Time kommune kan nytte gjenvinningsstasjonen på Pytten i Nærbø. Eit eventuelt tilbod/avtale vert lagt fram for ny politisk behandling med kostnadskonsekvens for renovasjonsgebyret.	Det vart gjennomført sonderingsmøte med Hå kommune 25.01.23. I byrjinga av februar 2023 vart det sendt ein formell førespurnad om mogleg samarbeid.
<b>KS-090/22 Orientering om ulike løysingar på barnehageopptak</b>	
